




ÅL KOMMUNE

# Barnehage- og skulestruktur i Ål i framtida

Høyringsdokument  
april 2018





**Innhold**

1.	Bakgrunn .....	7
1.1	Mandat .....	7
1.2	Organisering av arbeidet .....	7
1.3	Framdriftsplan .....	7
1.4	Fire perspektiv .....	7
2.	Lov og forskrift.....	8
2.1	Opplæringslova om skuleanlegg og storleik.....	8
2.2	Barnehagelova om rett til barnehageplass .....	8
2.3	Utdanningsdirektorates rundskriv -2-2012 .....	8
2.4	Barnekonvensjon, artikkel 3 .....	8
2.5	Opplæringslova om skuleskyss .....	8
2.6	Arbeidsmiljølova og hovudavtala .....	9
3.	Mål for oppvekstsektoren i Ål .....	10
3.1	Kommuneplan 2015-2027 .....	10
3.2.	Betre lærung i Ål kommune.....	10
3.3.	Framtidas barnehage og skule .....	10
3.3.1.	Ny rammeplan for barnehagane i 2017 .....	10
3.3.2.	Ny overordna del og fagfornying.....	11
3.3.3.	Betre lærung .....	11
3.3.4.	Inkluderande fellesskap for barn og unge.....	11
3.3.5.	Desentralisert ordning for kompetanseutvikling .....	11
4.	Tal og faktagrundlag .....	12
4.1.	Fødselstal, forventa barnetal, elevtalsutvikling .....	12
4.2.	Aldersfordeling og folketalsutvikling .....	16
4.3.	Skysslevar – tal og kostnad .....	17
4.4.	Areal og driftskostnadar barnehagar og skular .....	18
4.4.1.	Arealkrav.....	18
4.4.2.	Driftskostnader .....	18
4.5.	Barnehagane i Ål.....	19
4.5.1.	Nordbygdene barnehage.....	19
4.5.2.	Skattebøl barnehage .....	19
4.5.3.	Sundre barnehage .....	20
4.5.4.	Sando barnehage.....	20
4.5.5.	Torpo barnehage .....	21

4.5.6. Samandrag, nøkkeltal barnehage.....	21
4.6. Skulane i Ål .....	22
4.6.1. Leveld skule .....	22
4.6.2. Nedre-Ål skule .....	22
4.6.3. Skattebøl skule .....	23
4.6.4. Torpo skule .....	23
4.6.5. Ål ungdomsskule .....	24
4.6.6. Samandrag, nøkkeltal skule.....	24
4.6.7. Uteområde ved og rundt skular .....	24
4.7. SFO i Ål.....	25
4.8. Ressursbruk .....	26
4.8.1. Barnehage.....	26
4.8.2. Skule .....	27
5. Dei fire perspektiva .....	31
5.1. Det økonomiske perspektivet .....	31
5.2. Det pedagogiske perspektivet.....	31
5.3. Det organisatoriske perspektivet .....	32
5.4. Det samfunnsmessige perspektivet .....	33
6. Barnehagestruktur - ulike alternativ .....	34
6.1. Drift og organisering, ulike alternativ.....	34
6.1.1. Skalere ned drifta i alle barnehagane (alternativ 1).....	34
6.1.2. Legge ned ein to-avdelings barnehage (alternativ 2).....	35
6.1.3. Redusere barnetalet i Sundre barnehage (alternativ 3).....	36
6.1.4. Oppvekstsenter (alternativ 4) .....	36
6.1.5. Oversikt, ulike alternativ .....	37
6.2. Pedagogiske og samfunnsmessige konsekvensar .....	37
6.2.1. Skalere ned drifta i alle barnehagane (alternativ 1).....	37
6.2.2. Legge ned ein av barnehagane (alternativ 2) .....	38
6.2.3. Redusere tal barn i Sundre (alternativ 3) .....	38
6.2.4 Oppvekstsenter (alternativ 4) .....	38
7. Skulestruktur, ulike alternativ .....	40
7.1. Drift og organisering, ulike alternativ.....	40
7.1.1. Same struktur som i dag – ingen endring (alternativ 1).....	40
7.1.2. Legge ned Skattebøl skule og flytte elevane til Nedre-Ål (alternativ 2).....	43

7.1.3. Bygge ny barneskule for 1.-7. trinn, eventuelt bygge om Nedre-ÅL skule (alt. 3) .....	45
7.1.4. Oppvekstsenter i grondene.....	48
7.1.5. Oppsummering ulike alternativ.....	49
7.2. Pedagogiske og samfunnsmessige konsekvensar .....	50
7.2.1. Same struktur som i dag – ingen endring.....	50
7.7.2. Legge ned Skattebøl skule og flytte elevane til Nedre-ÅL.....	50
7.7.3. Samle elevane på barnetrinnet i ein ny barneskule .....	51
8. Avrunding .....	51



## **1. Bakgrunn**

Dette er eit høyringsdokument. Dokumentet gir bakgrunnsinformasjon til dei som ynskjer å gje innspel til dei ulike alternativa som blir skisserte. Det er samla informasjon om lovverk, tal og statistikk, og det blir vist til relevant forsking. Det er særleg pedagogiske og samfunnsmessige fordelar og ulemper ved ulike alternativ, kapittel 6.2. og 7.2., som treng høyringsinnspel.

### **1.1 Mandat**

I «Oppsummering av omstillingsprosjektet per 15.08.2017», ber arbeidsgruppa for omstillingsprosjektet i 2017 om m.a. «vidare utgreiing om skule- og barnehagestruktur».

Politiske vedtak i SUKO 20.02.18 og i formannskapet 05.03.18:

1. Formannskapet gir rådmannen i oppgåve å greie ut framtidig barnehage- og skulestruktur i Ål kommune.
2. Utgreiinga skal vurdere både pedagogiske, økonomiske og samfunnsmessige perspektiv.
3. Formannskapet løyver inntil kr. 200.000 til eksternt konsulentkjøp.

### **1.2 Organisering av arbeidet**

Arbeidet er delt i tre hovuddelar; først eit fagleg utgreiingsarbeid, så ei høyring (samle synspunkt) og til slutt ein politisk prosess. Arbeidsgruppa som vart sett ned av rådmannen, og som har ansvar for å lage ei fagleg utgreiing, er:

- Tone Tveito Eidnes, rådmann, leiar
- Mette Oleivsgard, styrar
- Ellen Ellingsgard, rektor
- Kolbjørn Aas, HTV
- Eldgrim Springgard, kommunalsjef, sekretær

Arbeidsgruppa hentar inn og samlar relevant informasjon, går gjennom høyringsuttalene og avsluttar arbeidet før rådmannen kjem med si tilråding til politisk vedtak i august 2018.

### **1.3 Framdriftsplan**

Mars – april 2018: Utarbeide høyringsdokument.

Mai – juni 2018: Høyringsperiode med informasjonsmøte.

Juli – august 2018: Ferdigstille dokumentet «Barnehage- og skulestruktur i Ål i framtida».

August – oktober 2018: Politisk prosess med vedtak i kommunestyret 18.10 eller 15.11.

### **1.4 Fire perspektiv**

Det blir lagt opp til eit breitt arbeid med fire langsiktige perspektiv, jmf. punkt 2 i politisk vedtak i SUKO 20.02 og formannskap 05.03.

- a. Det økonomiske perspektivet
- b. Det pedagogiske perspektivet
- c. Det organisatoriske perspektivet
- d. Det samfunnsmessige perspektivet

## **2. Lov og forskrift**

Kommunen eig og driv alle barnehagar og skular i Ål. Opplæringslova og barnehagelova regulerer korleis kommunen skal organisere og drive. Ved endring vil også anna lovverk bli aktuelt.

### **2.1 Opplæringslova om skuleanlegg og storleik**

§ 9-5 i opplæringslova: «Kommunen skal sørge for tenlege grunnskolar.»

Andre ledd i paragrafen, «Til vanleg bør det ikkje skipast grunnskolar med meir enn 450 elevar», vart tatt ut 17.06.2016.

Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) «Mot rikare mål» seier at administrativ organisering, bygningsmessige løysingar og tilgang til uteareal er med på å avgjere om skulane greier å skape oversiktlege og trygge rammer rundt elevane. Skuleveg, reisetid, høve til å sette saman grupper av elevar på same trinn og på tvers av trinn, tilstrekkeleg tilgang på fagleg og pedagogisk lærarkompetanse og samarbeid med føresette og nærmiljø er også med i vurderinga om skulane er «tenlege».

### **2.2 Barnehagelova om rett til barnehageplass**

§ 8 i barnehagelova, andre ledd: «Kommunen har plikt til å tilby plass i barnehage til barn under opplæringspliktig alder som er bosatt i kommunen, jf. § 12 a. Utbyggingsmønster og driftsformer skal tilpasses lokale forhold og behov.»

Kommunen må sørge for barnehageplass til alle med rett, j.fr. § 12 a, tredje ledd: «Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt.»

### **2.3 Utdanningsdirektorates rundskriv -2-2012**

Rundskrivet omhandlar saker om skulenedlegging og kretsgrenser. Kommunestyret skal ha rimeleg kjennskap til synspunkta til dei som blir råka av vedtaket, og utdanningsdirektoratet gir råd om to månadars høyringsfrist.

Ål har per dato ingen vedtak om kretsgrenser.

### **2.4 Barnekonvensjon, artikkkel 3**

Artikkkel 3 i barnekonvensjon krev: «Ved alle handlinger som berører barn, enten de foretas av offentlige eller private velferdsorganisasjoner, domstoler, administrative myndigheter eller lovgivende organer, skal barnets beste være et grunnleggende hensyn».

Barneombodet (BO) uttalar at i saker som gjeld nedlegging av skular skal kommunen ta omsyn til kva som er barnets beste. Dersom dette ikkje er med i saksframlegget, kan det bli rekna som ein sakshandsamingsfeil. Barnets beste blir vurdert i høyringsnotatet og i sjølve høyringa og vil bli tatt med i vurderinga som blir overlevert til politisk handsaming i august 2018.

For rådmannen er føringa å sjå heilskapen og kva som er til det beste for alle barn i kommunen.

### **2.5 Opplæringslova om skuleskyss**

Retten til skuleskyss er heimla i opplæringslova § 7-1, første ledd: «Elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skulen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.»

Det er fylkeskommunen som organiserer og fullfinansierer skyssopplegget i kommunen. For ordinær

skyss betalar kommunen for tida kr 6.994 i året for kvar skyssselev. For farleg skuleveg betalar kommunen heile kostnaden. Ved skulebyte kan kommunen krevje at foreldre sjølve betaler for skyssen. Tolkinsuttale frå Utdanningsdirektoratet: «Kommunen kan krevje at foreldrene dekker skyssen viss foreldrene har søkt om at eleven skal gå på en annen skole enn nærskolen».

Når det gjeld reisetid til/frå skulen, er det ingen faste reglar i lova om dette. Utdanningsdirektoratet har i rundskriv nr. 2 – 2010, presisert at retten til eit godt psykososialt miljø også gjeld skulevegen. I eit arbeid med NOU 1995:18 uttalte dåverande Kyrkje og undervisningsdepartement om reisetid: «*Ved praktiseringen av grunnskoleloven har Kirke- og undervisningsdepartementet anbefalt følgende når det gjelder ”akseptabel” tid underveis (reisetid + gangtid + ventetid én vei):*

*For 1.-3. klasse: inntil 45 minutter*

*For 4.-6. klasse: inntil 60 minutter*

*For 7.-9. klasse: inntil 75 minutter*

Barneombodet skriv på sine nettsider i eit svar til gut, 14 år: «*Synes de anbefalingene som ble gitt, er litt i overkant av hva vi mener er til barns beste. I hvert fall kan vi si at reisetid som overstiger det som ble anbefalt den gangen, ikke er til barns beste. I tillegg må man ta hensyn til veiens standard og kvaliteten og servicenivået på skolebussen.*»

## 2.6 Arbeidsmiljølova og hovudavtala

Rettane til dei tilsette er mellom anna regulert gjennom arbeidsmiljølova, sentral hovudavtale og kommunale rutinar og retningslinjer.

Arbeidsmiljølova § 15-7, 1. og 2. ledd, seier følgjande om vern mot usakleg oppseiing:

«Arbeidstaker kan ikke sies opp uten at det er saklig begrunnet i virksomhetens, arbeidsgivers eller arbeidstakers forhold.

Skyldes oppsigelsen driftsinnskrenkning eller rasjonaliseringstiltak, er den ikke saklig begrunnet dersom arbeidsgiver har et annet passende arbeid i virksomheten å tilby arbeidstaker. Ved avgjørelse av om en oppsigelse har saklig grunn i driftsinnskrenkning eller rasjonaliseringstiltak, skal det foretas en avveining mellom virksomhetens behov og de ulemper oppsigelsen påfører den enkelte arbeidstaker.»

Hovudavtalen seier dette i § 1-4, Omstilling og utvikling:

«Målsettingen med omstilling- og utviklingsarbeid er å gi innbyggerne best mulig service ved å oppnå høyest mulig kvalitet og forbedret faglig standard på tjenestene ved riktig bruk av økonomiske, menneskelige og politiske ressurser. Det er partenes forutsetninger at omstillings- og utviklingsarbeid tar utgangspunkt i virksomhetens behov for utvikling og skal medvirke til å gjøre offentlig virksomhet konkurransedyktig så vel faglig som økonomisk. Dette stiller store krav til ledere på alle nivå om et særlig ansvar, og til medarbeiderne om å ta et medansvar for videreutvikling av virksomheten»

§ 1-4-1 i hovudavtalen seier dette om omorganisering: Arbeidsgjevar skal så tidleg som mogeleg informere, drøfte og ta tillitsvalde med på råd når det gjeld omorganisering/omlegging av drift og rasjonalisering/innskrenking som kan få konsekvensar for sysselsettinga.

Å kommune har ei eiga HMS-rutine som eventuelt vil bli nytta ved større endringar. Rådmannen vil understreke at ved eventuell strukturendring er målet å unngå oppseiingar.

### 3. Mål for oppvekstsektoren i Ål

#### 3.1 Kommuneplan 2015-2027

Kommuneplan 2015-2027 har som visjon «eit levande Ål for alle». Oppvekstmiljø er eitt av satsingsområda: «Ål vil ha eit trygt og inkluderande oppvekstmiljø der alle lærer å ta ansvar, vise respekt og ha omsorg for kvarandre. Eit godt oppvekstmiljø er viktig for utviklinga til barn og unge. Oppvekstmiljøet har mykje å seie for at folk skal trivast og ha lyst til å etablere seg i kommunen. Satsing på barn og unge er ei god investering i framtida og er svært viktig for trivsel, etablering og samfunnsutvikling generelt.»

#### 3.2. Betre læring i Ål kommune

Betre læring i Ål kommune er fagplan for oppvekstsektoren. Hovudmålet er formulert slik: «I eit inkluderande oppvekstmiljø der alle ser og blir sett, får kvar enkelt kraft til å meistre eigne liv.»

Vidare er det formulert to kvalitetsmål for perioden 2016 – 2020:

A. Tett og tidleg på:

→ Alle får raskt hjelp ved behov, både fagleg og sosialt.

B. Læringsutbytte:

→ Med tilpassing og eigeninnsats har alle utbytterik læring.


Resultatmåla i Betre læring:

1. Skulestartarane er førebudd i samsvar med «Mål for skulestartarar i Ål kommune».
2. Redusere spesialundervisninga til landsgjennomsnittet.
3. Nasjonale prøver minst på landsgjennomsnittet.
4. Grunnskulepoeng etter 10. trinn minst på landsgjennomsnittet.
5. Resultat på elevundersøkinga betre enn landsgjennomsnittet.

#### 3.3. Framtidas barnehage og skule

##### 3.3.1. Ny rammeplan for barnehagane i 2017

Ny rammeplan for barnehagane i Noreg starta å virke frå august 2017. Barnehagane i Ål arbeider etter ein innføringsplan over to år. Sjå gjerne <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/>. Den nye rammeplanen byggjer på oppdatert kunnskap om kor viktig rolle barnehagen har.



Figuren illustrerer utviklinga av hjernen til barn. Figuren viser tydeleg kor viktig dei første leveåra frå 0-5 år er for både fagleg og sosial utvikling.

Dette stiller krav til kompetansen hjå dei tilsette i barnehagen; Korleis stimulere for å oppnå best mogleg læring og utvikling.

### 3.3.2. Ny overordna del og fagfornying

Stortingsmelding 28 (2015–2016) Fag – Fordypning – Forståelse, varslar ein større revisjon av læreplanverket. Meldinga peikar på at det i framtidig læreplanar må vere færre kunnskapsmål og meir høve til fordjuping, større samanheng mellom faga og meir tydeleg progresjon mellom årstrinna. Meldinga peikar også på kor viktig det er «å lære å lære». Det vil stadig dukke opp nye arbeidsoppgåver og nye yrkestilalar. I tillegg seier meldinga at læring i stadig større grad skjer i samspel med andre. Nye fagplaner skal vere klare til bruk i 2020, <https://www.udir.no/fagfornyelsen>.

Ny overordna del som vart fastsett i september 2017, byggjer på den gamle generelle delen, som la vekt på at opplæringa skulle utvikle og danne heile mennesket. Ny overordna del har gjort det meir tydeleg at skulen er eit profesjonsfellesskap der lærarar, leiarar og andre tilsette reflekterer over felles verdiar, og vurderer og vidareutviklar eigen praksis.


### 3.3.3. Betre læring

Det har, særleg det siste tiåret, vore auka interesse for å finne fram til kva mekanismar som gir betre læring. Det er vanskeleg å finne eintydige forskingsresultat, men J. Hattie konkluderte i ei metastudie «Visible learning» i 2008 med at det var læraren og det samspelet læraren hadde med elevane som hadde best effekt på læringsresultatet. I barnehage viser studiar det same. Det er tydelege og trygge vaksne som gir dei beste rammene for god utvikling. Profesjonsutvikling har difor vorte viktig for å utvikle gode barnehagar og gode skular.

I 2015 sette kunnskapsministeren ned eit ekspertutval som skulle utarbeide eit kunnskapsgrunnlag om skule og lærarrolla (Om lærerollen – 2016). Undervisning er eit lagarbeid. For å skape god praksis i klasserommet må lærarar med kunnskap reflektere saman, dele erfaringar, forsking og elevresultat for å finne fram til felles strategiar i møte med barn og unge. Det er viktig å legge til rette for ein arbeidsmetodikk der læraren får høve til kollektiv profesjonsutvikling. Skuleeigar må ha tillit til at læraren er den som best veit korleis arbeidet i klasserommet skal drivast. Dette er krevjande arbeid, og det blir viktig å organisere og legge til rette slik at det kan bli eit lagarbeid.

### 3.3.4. Inkluderande fellesskap for barn og unge

I februar 2017 sette Kunnskapsdepartementet ned ei ekspertgruppe som fekk i oppgåve å vurdere tilbodet til barn og unge med særleg behov for tilrettelegging i barnehage, grunnskule og vidare-gåande opplæring. I hovudkonklusjonen foreslår ekspertgruppa at alle barn skal få nødvendig hjelp og støtte der dei er og at hjelpa skal vere tilpassa den enkelte. PPT skal i større grad drive rettleiling i barnehagen og skulen. Forslaget legg til grunn at barnehage og skule må ha eit godt organisert støttesystem med brei pedagogisk kompetanse.



### 3.3.5. Desentralisert ordning for kompetanseutvikling

Frå 2017 kanaliserer staten større del av dei økonomiske ressursane til vidareutdanning via Fylkesmannen og ut til kommunane. Fylkesmannen i Buskerud har definert Hallingdal som ein kompetanseregion. Oppvekstleiarforum i Hallingdal (administrativ barnehage- og skuleigar i dei seks Hallingdals-kommunane) har i lang tid arbeidd saman om felles kompetanseutvikling. Frå 2018 og framover skal overbygningen for det regionale programmet vere **Livsmeistring i eit inkluderande læringsmiljø**. Gjennom dette programmet vil Oppvekstleiarforum i Hallingdal:

- Vidareutvikle barnehagar og skular som lærande organisasjoner. (lærande nettverk)
- Dyrke fram gode profesjonsfellesskap. (kapasitetsbygging)
- Ha ei arbeidsform som gir barnehagebasert og skulebasert kompetanseutvikling.

I dette arbeidet samarbeider kommunane i Hallingdal med Høgskulen på Vestlandet, Sogndal.


## 4. Tal og faktagrunnlag

### 4.1. Fødselstal, forventa barnetal, elevtalsutvikling

Statistikken under viser folketalsutviklinga i kommunen for aldersgruppa 0-19 år. Det har vore ei forholdsvis stabil utvikling sidan 1985. Det året var det 54 fødslar. Det var om lag 290 barn i det som i dag er barnehagealder, 450 i det som i dag er Barneskulealder og 210 i ungdomsskulen.

I 2017 er tala: 45 fødslar, 205 barn i barnehagealder, 410 i Barneskulen og 185 i ungdomsskulen. Det er særleg aldersgruppa 1-5 år som har minka jamt sidan 1988 då det var 67 fødslar i Ål.

Folkemengde 1. januar, etter region, alder, statistikkvariabel og år




Tabellen under viser netto innflytting til kommunen. Ser me bort frå 1997 og 1998 har det vore større utflytting enn innflytting i kommunen. Dei siste tre åra har netto utflytting vore om lag 50 personar kvart år. Høge fødselstal kan likevel sørge for eit stabilt folketal. Når fødselstalet går ned, krev det auka tilflytting om kommunen skal halde på folketalet i framtida.

Innenlandske flytting, etter region, statistikkvariabel og år




Det blir ofte sagt at det er ei netto tilflytting av barnefamiliar til kommunen. Dette gir som resultat at fleire startar i 1. klasse enn fødselstalet for årgangen. Tabellen på neste side prøver å vise dette med ei oversikt frå den årgangen som vart fødd i 1985. Dette året vart det fødd 54 i Ål kommune (blå søyle). Då denne årgangen starta i skulen hadde talet auka til 66 (raud søyle), men då same årgang

gjekk ut av ungdomskulen, den gongen 9 år seinare, var talet redusert til 61. Hovudmønsteret er at fleire elevar startar i grunnskulen vår, enn barn som blir fødd i kommunen, i snitt om lag 7 %.



Kva kan me forvente av utviklinga framover? Statistisk sentralbyrå (SSB) har tre ulike framskrivingar. Den første med låg vekst, den andre med middels vekst og den tredje med høg vekst:



Prognosene i figuren viser storleik på årskulla i 2040.

#### I 2017 var årskulla:

- 0 år – 41
- 1 år – 32
- 2 år – 39
- 3 år – 45
- 4 år – 39
- 5 år – 46
- 6 år – 58
- 7 år – 47
- 8 år – 59
- 9 år – 53
- 10 år – 73
- 11 år – 55
- 12 år – 65

Fødselstala dei siste åra ligg i Ål nærmere låg enn middels vekst. Viss framtida gir same vekst i elevtalet som det har vore historisk (7 % auke), er det kanskje realistisk å rekne middels vekst i årskullet ved skulestart framover mot 2040.

Kva med barnehageplassar?

Barnehageåret 2017/2018 er det 189 barn i barnehagane i Ål. Dei brukar til saman 258 plassar fordi barn under tre år blir rekna som to og fordi tre- og firedagars plassar legg beslag på fleire plassar enn

strengt tatt nødvendig. Kapasiteten i Ål er 276 plassar med utvida gruppe (42 plassar) i dei fire to-avdelingsbarnehagane. Med normale to-avdelingsbarnehagar (36 plassar) er kapasiteten 256 barnehageplassar i Ål. Inneverande barnehageår har 76 % av barn i alderen 0-5 år barnehageplass. I alderen 1-5 år har 93,4 % av barna plass i barnehage dette året. Landssnittet for aldersgruppa er 90,6 %. Få startar i barnehage før dei er eitt år. Dei fleste går i barnehage siste året før skulestart.


#### **Barnehagebarn i framtida – prognose ved middels, låg og høg vekst (SSB).**

	Middels vekst		Låg nasjonal vekst		Høg nasjonal vekst	
	2025	2040	2025	2040	2025	2040
<b>0 år</b>	41	43	35	36	49	56
<b>1 år</b>	43	45	36	37	51	59
<b>2 år</b>	44	46	37	37	52	59
<b>3 år</b>	45	47	39	39	53	60
<b>4 år</b>	45	48	39	39	53	60
<b>5 år</b>	47	48	40	40	54	60
<b>gjennomsnitt</b>	44	46	38	38	52	59

Med middels vekst kan om lag 200 barn ha behov for barnehageplass i 2025, fordelt på mellom 260 og 270 plassar. Med låg vekst vil det i 2025 vere behov for om lag 230 plassar. Det vil i så fall gi ein overkapasitet på om lag 20 plassar.

#### Kva med elevtalet?

Elevtalet hadde ein topp skuleåret 2002-2003. Dette skuleåret var det 691 elevar i grunnskulen i Ål. I perioden 2010 – 2017 låg elevtalet på barnetrinnet mellom 430 og 450. Det har også vore rimeleg bra fordeling mellom skulane der regelen har vore over ti elevar på trinnet både i Leveld og på Torpo. Dette har gitt høvelege elevgrupper og god ressursutnytting.



Tal frå GSI.

Våren 2017 mista Ål mottaket på Torpo og elevtalet minka med over 20 elevar hausten 2017. Små fødselstal forsterkar den negative elevtalsutviklinga. Etter prognosene kan elevtalet, dersom ein vel høg vekst, igjen nå 440 elevar på barnetrinnet, men ikkje før i 2040. Dette er optimistisk.

Tabellen på neste side er ei farmskriving av elevtalet ved dei ulike skulane med kjente fødselstal. Den siste tabellen byggjer på framtidsprognosene til SSB. Sjå tabellen side 16.

## Elevtalsutvikling fram til 2025

	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	SUM
Leveld skule	12	7	9	11	12	11	16				78
Nedre-Ål skule	22	26	21	27	49	37	35				217
Skattebøl skule	16	12	18	8							54
Torpo skule	8	4	11	7	12	7	14				63
Ål ungdomsskule								64	63	58	185
SUM	58	49	59	53	73	55	65				597
	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	SUM
Leveld skule	11	12	7	9	11	12	11				73
Nedre-Ål skule	18	22	26	21	35	49	37				208
Skattebøl skule	9	16	12	18							55
Torpo skule	8	8	4	11	7	12	7				57
Ål ungdomsskule								65	64	63	192
SUM	46	58	49	59	53	73	55				585
	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	SUM
Leveld skule	4	11	12	7	9	11	12				66
Nedre-Ål skule	18	18	22	26	39	35	49				207
Skattebøl skule	10	9	16	12							47
Torpo skule	7	8	8	4	11	7	12				57
Ål ungdomsskule								55	65	64	184
SUM	39	46	58	49	59	53	73				561
	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	SUM
Leveld skule	7	4	11	12	7	9	11				61
Nedre-Ål skule	24	18	18	22	38	39	35				194
Skattebøl skule	10	10	9	16							45
Torpo skule	5	7	8	8	4	11	7				50
Ål ungdomsskule								73	55	65	193
SUM	46	39	46	58	49	59	53				543
	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	SUM
Leveld skule	6	7	4	11	12	7	9				56
Nedre-Ål skule	17	24	18	18	38	38	39				192
Skattebøl skule	11	10	10	9							40
Torpo skule	5	5	7	8	8	4	11				48
Ål ungdomsskule								53	73	55	181
SUM	39	46	39	46	58	49	59				517
	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	SUM
Leveld skule	6	6	7	4	11	12	7				53
Nedre-Ål skule	14	17	24	18	27	38	38				176
Skattebøl skule	8	11	10	10							39
Torpo skule	4	5	5	7	8	8	4				41
Ål ungdomsskule								59	53	73	185
SUM	32	39	46	39	46	58	49				494
	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	SUM
Leveld skule	7	6	6	7	4	11	12				53
Nedre-Ål skule	22	14	17	24	28	27	38				170
Skattebøl skule	7	8	11	10							36
Torpo skule	5	4	5	5	7	8	8				42
Ål ungdomsskule								49	59	53	161
SUM	41	32	39	46	39	46	58				462
PROGNOSÉ - middels	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	SUM
2025/26	9	9	9	8	8	9	8				60
Leveld skule	23	23	21	23	37	31	37				195
Nedre-Ål skule	9	9	11	12							41
Skattebøl skule	6	6	6	7	8	7	8				48
Torpo skule								52	62	52	166
SUM	47	47	47	50	53	47	53				510

Skuleåret 2017/2018 er elevtalet i barneskulen 410, og med kjente fødselstal vil elevtalet i barneskulen vere 301 elevar skuleåret 2023/2024. Med kjente tal er dette ein nedgang på over 100 elevar i løpet av 5 år. Elevtalsfordelinga i den siste prognosen for 2025/2026 byggjer på prognose frå SSB, middels nasjonal vekst. Sjå tabell på neste side. Det er gjort ei omtentleg fordeling til skulane i kommunen. SSB meiner elevtalet med låg vekst vil vere 323 elevar på barnetrinnet i 2025. Dette er 20 fleire enn det kjente fødselstal siktar mot (301 elevar på barnetrinnet i 2023). SSB meiner elevtalet med middel vekst vil vere 344 på barnetrinnet i 2025, 40 fleire enn kjente tal. Dette er om lag 14 % meir enn elevtalet i 2023/24 som byggjer på fødselstala.


Dersom kommunen reknar middels vekst i årskulla framover, vil elevtalet kunne vere 344 elevar i barneskulen i 2025. Men sjølv med middels vekst vil elevtalet gå ned ein stad mellom 50 og 70 fram til 2025.

#### Barneskuleelevar i framtida – prognose ved middels, låg og høg vekst (SSB).

	Middels nasjonal vekst		Låg nasjonal vekst		Høg nasjonal vekst	
	2025	2040	2025	2040	2025	2040
<b>6 år</b>	47	49	41	41	54	61
<b>7 år</b>	47	51	41	41	53	62
<b>8 år</b>	47	51	43	42	53	63
<b>9 år</b>	50	51	48	43	50	63
<b>10 år</b>	53	53	52	44	55	63
<b>11 år</b>	47	53	46	44	49	64
<b>12 år</b>	53	53	52	44	55	64
<b>Sum</b>	344	361	323	299	369	440
<b>Gjennomsnitt</b>	49	51	46	43	53	63

## 4.2. Aldersfordeling og folketalsutvikling

Figuren under er henta frå SSB og viser aldersfordelinga i Ål kommune per 1. januar, 2018.



Kommunar med store årsklassar i alderen 0-19 år kan ein kalle «ungdomskommunar». Asker og Bærum er to døme. Kommunar med dei største årsklassane mellom 20-66 år kan ein kalle «vaksenkommune». Oslo er eit døme. Siste gruppe er ein «eldrekommune» der tyngda ligg frå 67 år

og oppover. Enkelte utkantkommunar kjem i denne kategorien. Ål er ikkje ekstrem verken eine eller andre vegen. Folketalsprofilen viser at det blir fødd færre, mange flytter ut etter vidaregåande, og det er forholdsvis store årsklassar mellom 45 og 75. Dersom barnetalet blir verande lågt, vil Ål gå mot å bli ein «eldrekommune».

### 4.3. Skysselevar – tal og kostnad

Det er rekna på tre ulike alternativ. For å få samanliknbare tal er det for alle alternativ nytta tal skysselevar i 2017/2018. Kostnadane tek utgangspunkt i reelle kostnadar per 26. mars og ei prognose ut skuleåret.

Skyss elevar og kostnad 2017/2018 - ulike alternativ

Alternativ 1	Skysselevar					Skysskostnad				
	Ordinær	Farleg	Vinterskyss	Skulebyte	SUM	Ordinær	Farleg	Vinterskyss	Skulebyte	SUM
<b>Leveld</b>	39	5	2	1	47	272 746	117 317	26 793	6 993	423 849
<b>Nedre-Ål</b>	59	7	1	2	69	412 616	48 954	3 542	19 128	484 240
<b>Skattebøl</b>	3	3	3		9	20 980	152 090	44 412		217 482
<b>Torpo</b>	19	5		1	25	132 876	117 448		51 969	302 293
<b>Ål ungdomskule</b>	101				101	706 343				706 343
<b>SUM</b>	221	20	6	4	251	1 545 561	435 809	74 747	78 090	2 134 207
Alternativ 2	Skysselevar					Skysskostnad				
	Ordinær	Farleg	Vinterskyss	Skulebyte	SUM	Ordinær	Farleg	Vinterskyss	Skulebyte	SUM
<b>Leveld</b>	39	5	2	1	47	272 746	117 317	26 793	6 993	423 849
<b>Ein sentrumsskule</b>	69	8	1	2	80	482 551	70 740	3 542	19 128	575 961
<b>Torpo</b>	19	5		1	25	132 876	117 448		51 969	302 293
<b>Ål ungdomskule</b>	101				101	706 343				706 343
<b>SUM</b>	228	18	3	4	253	1 594 516	305 505	30 335	78 090	2 008 446
Alternativ 3	Skysselevar					Skysskostnad				
	Ordinær	Farleg	Vinterskyss	Skulebyte	SUM	Ordinær	Farleg	Vinterskyss	Skulebyte	SUM
<b>Ein barneskule i Ål</b>	208	8	1		217	1 454 648	70 740	3 542		1 528 930
<b>Ål ungdomskule</b>	101				101	706 343				706 343
<b>SUM</b>	309	8	1		318	2 160 991	70 740	3 542		2 235 273

Transportmåte avgjer kostnadar med farleg skuleveg og vinterskyss.

I 2017/2018 har til saman 251 elevar fri skyss til skulen i Ål kommune. Dette er 42 % av elevane. Kostnad er kr 2.134.207.

Dersom alle elevane i sentrumsområdet hadde gått på Nedre-Ål skule, ville det vore 253 skysselevar i kommunen, kostnad: kr 2.008.446. Innsparinga kjem fordi ein del farleg skuleveg og vinterskyss blir ordinær skyss.

Viss alle barneskulelvane i Ål var samla på ein barneskule, ville det vore 318 skysselevar skuleåret 2017/2018, dvs. 53 % av elevane. Kostnaden ville vore 2.235.273, dvs. 100.000 kroner meir enn dagens kostnad.

Rutetabellen til Nettbuss viser slik reisetid med buss:

- Rødungstølen → Ål: 45 min.
- Arnegardskrysset i Vats → Ål: 35 min.
- Barskrind → 40 min.

Ål kommune utarbeidde retningsliner for skuleskyss i 2013. Målet var å definere kva som var farleg skuleveg, men også legge til rette for at fleire elevar kunne gå og/eller sykle til skulen: «Å kunne gå eller sykle til skulen er eit gode. Det gir betre helse, betre læring og det er sosialt».

## 4.4. Areal og driftskostnadar barnehagar og skular

### 4.4.1. Arealkrav

**Arealnorm i barnehage** (henta frå Veileder Miljø og helse i barnehage, Helsedirektoratet 2014):  
4 m<sup>2</sup> pr. barn over 3 år og om lag 1/3 meir for barn under 3 år.

Utearealet bør som minstemål vere seks gonger så stort som innearealet (dvs. ca. 24 m<sup>2</sup> for barn over 3 år og 33 m<sup>2</sup> under 3 år).

**Arealnorm i skule** (henta frå Veileder Miljø og helse i skole, Helsedirektoratet 2014):  
*«Når en klasse/elevgruppe disponerer tilleggsarealer (grupperom, formidlingsrom eller andre rom) i nærheten av klasserommet/hovedrommet, må klasserommet/hovedrommet planlegges etter en arealnorm på minimum 2 m<sup>2</sup> pr. elev. Så lenge inneklimaet er tilfredsstillende og aktiviteten i rommet er tilpasset, kan elevtallet i enkeltrom (som f.eks. formidlingsrom og auditorier) gjerne være høyere enn normen på 2 m<sup>2</sup> pr. elev tilsier. Dersom klassen/elevgruppen ikke disponerer tilleggsarealer i nærhet til klasserommet/hovedrommet, bør arealet være større, helst opp mot 2,5 m<sup>2</sup> pr. elev.»*

Om utearealet står dette: «*Det foreligger generelle anbefalinger om minimum nettoareal per elev på 50 m<sup>2</sup> justert etter skolestørrelse og beliggenhet. For nye skoler er anbefalingen ((ref. rapport fra IS-1130/2003):*

- Færre enn 100 elever samlet minimumsareal ca. 5 000 m<sup>2</sup>.
- Mellom 100 og 300 elever samlet minimumsareal ca. 10 000 m<sup>2</sup>.
- For eksisterende skoler med små arealer må minstekravene tilfredsstilles innenfor 200 m fra skolebygningen
- Utearealene skal gi rom for utøvelse av allsidig fysisk aktivitet, gi rom for ulike typer sosial aktivitet, gi trygghet og være trivselskapende, gi mulighet for endringer av det fysiske miljøet»

### 4.4.2. Driftskostnader

Ål kommune har ei utfordring med mange til dels gamle bygg som ikkje blir vedlikehaldne godt nok. Det er vanleg å rekne ei levetid på 45 år for utvendig tak, 30 år for vindauge (dårleg u-verdi) og 25 år for ventilasjonsanlegg. Enova reknar at investering i å bytte ut eit gammalt ventilasjonsanlegg til eit nytt med varmeattvinning er betalt inn på 6-7 år grunna reduserte utgifter til oppvarming.

Holtenøkkelen er ein nasjonal standard for utrekningar knytt til bygningsvedlikehald og nybygg basert på erfaringstal for ulike typar bygg. I oversikta over skule- og barnehagebygga i kommunen, er det teke med kva som er norma for årlege vedlikehaldsutgifter for eit skule- eller barnehagebygg ut frå storleiken på bygget. Det er teke utgangspunkt i det lågaste vedlikehaldsnivået. Vedlikehaldsbehovet er etter Holtenøkkelen, låg norm, om lag 3 mill. året for barnehage og skule. Vedlikehaldsbudsjettet for heile kommunen har dei siste åra vore 3 mill. Med andre ord blir etterslepet på naudsnyt vedlikehald stadig større. Sett frå eit vedlikehaldsperspektiv er det fornuftig å kvitte seg med gamle bygg og få til mest mogleg sambruk av eksisterande bygningsmasse. Med færre bygg ville også driftsavdelinga få betre tid til å drive tilsyn med resterande bygningsmasse.

Det er ikkje teke med forventa utskifting av vass- og avlaupsøyr då det er sers usikkert når dette kjem og i kva omfang.

Alle kostnadsoverslag i dette notatet er grove dvs. at dei ikkje er nøyaktig utrekna. Driftsutgifter er i hovudsak reinhald og energi.

## 4.5. Barnehagane i Ål

### 4.5.1. Nordbygdene barnehage


<p>Frå 1962 (Leveldtun). Fullrenovert og bygd på i 2010/11. To avdelingar kombinert med grendehus.</p>		<p>Areal: 490 m<sup>2</sup>. Ophaldsareal 245 m<sup>2</sup>, delt på 27 barn = 9 m<sup>2</sup> per barn.</p> <p>Uteområde: Sambruk med Leveld skule, 51 m<sup>2</sup> per barn/elev. Lett tilgang til friareal.</p> <p>Driftsutgifter 2016: kr 280 000. Driftsutgifter 2017: kr 172 000.</p> <p>Årleg vedlikehald etter Holtenøkkelen, låg standard: kr 41 000.</p> <p>Ventilasjon: Nytt anlegg frå 2011</p>
<p><b>Større kjent vedlikehald:</b> Ingen.</p>		<p>Eventuell etterbruk: Utfordrande</p>

### 4.5.2. Skattebøl barnehage

<p>Frå 1982. Ombygd til to-avdelings barnehage i 2006. Utvida i 2017/18. To avdelingar.</p>		<p>Areal: 540 m<sup>2</sup>. Ophaldsareal 219 m<sup>2</sup>, delt på 33 barn = 6,6 m<sup>2</sup> per barn.</p> <p>Uteområde: 95,7 m<sup>2</sup> per barn. Lett tilgang til større uteområde.</p> <p>Driftsutgifter 2016: kr 105 000. Driftsutgifter 2017: kr 97 000.</p> <p>Årleg vedlikehald etter Holtenøkkelen, låg standard: kr 45 500.</p> <p>Ventilasjon: To relativt nye anlegg frå 2005 og 2009. Eit nytt anlegg 2018.</p>
<p><b>Større kjent vedlikehald, barnehage:</b> Blir beisa i 2018. Takstein gamal del og ytterdører. Kostnad: kr 150 000.</p>		<p>Eventuell etterbruk: Leilegheitsbygg, rekkehus, privat institusjon.</p>


#### 4.5.3. Sundre barnehage

Flytta frå Sundre (nedanfor Tingstugu) til Prestegardsjordet 1986/87. To nye avdelinga i 1992. Bygd ut i 2009 til seks avdelingar. (I ein perioden fram til 2009 vart Prestegardslåven nytta som småbarnsavdeling)

	<p>Areal: 1 229 m<sup>2</sup>. Oppholdsareal 432 m<sup>2</sup>, delt på 90 barn = 4,8 m<sup>2</sup> per barn.</p> <p>Uteområde: 58,8 m<sup>2</sup> per barn. I tillegg kjem fellesareal/skulepark.</p> <p>Driftsutgifter 2016: kr 267 000. Driftsutgifter 2017: kr 247 900.</p> <p>Årleg vedlikehald etter Holtenøkkelen, låg standard: kr 103 400.</p> <p>Fire ventilasjonsanlegg (loft Kleven, loft Kammers, teknisk rom Skålen (2009) og loft Låven).</p>
<p><b>Større kjent vedlikehald:</b> Beising, golvbelegg og vindauge og ytterdører eldste del. Kostnad: kr 760 000.</p>	<p>Eventuell etterbruk: Kan vurdere om delar av barnehagen i kombinasjon med Prestegardslåven kan fungere som SFO-lokale.</p>

#### 4.5.4. Sando barnehage

Bygd ut i fleire omgangar fram til 2013 då Sando skule vart bygd om til barnehage med to avdelingar. Nytt leikehus i 2016. Ny leikeplass på nedsida av bygget. Er også grendehus.

	<p>Areal: 1 223 m<sup>2</sup>. Oppholdsareal 216 m<sup>2</sup>, delt på 27 barn = 8 m<sup>2</sup> per barn.</p> <p>Uteområde: 91,5 m<sup>2</sup> per barn. Lett tilgang til anna uteområde.</p> <p>Driftsutgifter 2016: kr 220 000. Driftsutgifter 2017: kr 223 500.</p> <p>Årleg vedlikehald etter Holtenøkkelen, låg standard: kr 103 000.</p> <p>Ventilasjon: Eit nytt anlegg frå 2013.</p>
<p><b>Større kjent vedlikehald:</b> Drenering, nytt avløpsanlegg, asbestosanering, ny lysarmatur gymsal. Kostnad: kr 2,0 mill.</p> <p>Relativt enkelt å utvide med ei avdeling. Driftsutgiftene blir dei same.</p>	<p>Eventuell etterbruk: Nærings, reiseliv (ligg nær Liatoppen).</p>

#### 4.5.5. Torpo barnehage

Fyrste byggesteg 1979, bygd på til to avdelingar i 1997, nye påbygg i 2009 og 2015.

	<p>Areal: 336 m<sup>2</sup>. Ophaldsareal 192 m<sup>2</sup>, delt på 27 barn = 7,1 m<sup>2</sup> per barn.</p> <p>Uteområde: 82,2 m<sup>2</sup> per barn. Lett tilgang til friareal og idrettsanlegg</p> <p>Driftsutgifter 2016: kr 196 000. Driftsutgifter 2017: kr 114 000.</p> <p>Årleg vedlikehald etter Holtenøkkelen, låg standard: kr 28 500.</p> <p>Ventilasjon: To relativt nye anlegg frå 2009 og 2015.</p>
<p><b>Større kjent vedlikehald:</b> Innvendig måling. Kostnad: kr 100 000.</p>	<p>Eventuell etterbruk: Fleirmannsbustad</p>

#### 4.5.6. Samandrag, nøkkeltal barnehage

(alle kostnadsestimat i heile 1000 kr eks mva)

Barne-hage	m <sup>2</sup> leike-areal per barn	m <sup>2</sup> uteareal per barn	Årleg * drifts-Kostnad	Årleg vedlikehald låg norm	Framtidig vedlikehald/investering	(jobbar i parentes er ikkje med i kostnad-overslag)
<b>Nord-bygdene</b> 2 avd	245/27 = 9	5100/100 = 51 (inkl. skule)	170-280'	41'	lågt	-
<b>Skattebøl</b> 2 avd	219/33 = 6,6	3160/33 = 95,7	100'	45,5'	150'	Takstein gamal del og ytterdører
<b>Sundre</b> 6 avd	432/90 = 4,8	5300/102 = 58,8	250-270'	103,4'	760'	Beising, golvbelegg og vindauge og ytterdører eldste del
<b>Sando</b> 2 avd	216/27 = 8	2470/27 = 91,5	220'	103'	2 mill kr	(Utbetra kalde golv), drenering, nytt avlaupsanlegg, asbestosanering, ny lysarmatur gymsal
<b>Torpo</b> 2 avd	192/ 27 = 7,1	2220/30 = 82,2	196-114'	28,3'	100'	Innvendig måling
<b>SUM</b>			936-984'	321'	3 mill kr	

\* Årleg driftskostnad er i hovudsak reinhald og energi i 2016 og 2017.

Alle barnehagane i Ål har gode leikeareal ved barnehagen og i nærområdet. Det vil vere behov for årleg utbetring og utskifting av leikeapparat.

## 4.6. Skulane i Ål

### 4.6.1. Leveld skule

<p>Eldste del frå 1962. Hovuddel med basseng bygd i 1987. Basseng med garderobar delvis renoveret i 2017/18.</p>		<p>Areal: 2000 m<sup>2</sup>. 3,8 m<sup>2</sup> per elev i klasserom.</p> <p>Uteområde: Sambruk med Leveld skule, 51 m<sup>2</sup> per barn/elev.</p> <p>Driftsutgifter 2016: kr 463 000. Driftsutgifter 2017: kr 419 000.</p> <p>Årleg vedlikehald etter Holtenøkkelen, låg standard: kr 384 000.</p> <p>Ventilasjon: 4 anlegg frå 1987, nytt er kostnadsrekna til kr. 800 000.</p> <p>Måla utvendig i 2015.</p>
<p><b>Større kjent vedlikehald:</b> Innvendig måling, senke himling i 3 klasserom, ny lysarmatur og ventilasjon. Kostnad ca. kr. 1.450 000.</p>		Eventuell etterbruk: Utfordrande.
<p><b>Basseng;</b> Fullrenovering av ventilasjon vil med varmeattvinning koste ca. kr 730 000. Dette vil redusere den årlege driftskostnaden. Erstatte lause fliser og lett oppussing av damegarderobe vil koste ca. kr. 200 000.</p>		


### 4.6.2. Nedre-Ål skule

<p>Hovudbygget er frå 1960-talet. Ombygd/utbygd i 1999. Svømmehall renovert 2010. Mindre ombyggingsar i 2012 og 2017. Tak utbetra i 2014. Utskifting av vindauge pågår.</p>		<p>Driftsutgifter 2016: kr 735 000. Driftsutgifter 2017: kr 1 085 000.</p>
<p>Areal: 4 034 m<sup>2</sup>. 3,8 m<sup>2</sup> per elev i klasserom.</p>		

<p>Årleg vedlikehald etter Holtenøkkelen, låg standard: kr 674 000.</p> <p><b>Større vedlikehald:</b> Nye vindauge mellombygge, utvendig måling, asbestsanering, golvbelegg, innvendig måling, ventilasjon. Samla oppussing er kostnadsrekna til kr 4 300 000.</p>	<p>Uteområde: 25 m<sup>2</sup> per elev. Med skuleparken blir det 110 m<sup>2</sup> per elev.</p> <p>Ventilasjon: 9 anlegg (2 svømmehall frå 2010, 6 gamle og eit frå 1999).</p> <p>Eventuell etterbruk: Lite aktuelt.</p>
--	--

#### 4.6.3. Skattebøl skule

Frå 1980. Gymsal og eit klasserom bygd på i 1997. Ynskje om eigne SFO-lokale.



Areal: 890 m<sup>2</sup>.  
4,1 m<sup>2</sup> per elev i klasserom.

Uteområde: 244 m<sup>2</sup> per elev.

Driftsutgifter 2016: kr 291 000.  
Driftsutgifter 2017: kr 184 000.

Årleg vedlikehald etter Holtenøkkelen,  
låg standard: kr 148 800.

Ventilasjon: 2 anlegg (loft og kjellar) frå  
1996. Driftsproblem med elektronikken.

**Større vedlikehald:**


Lysarmatur, nytt golvbelegg, innvendig måling, renovering av  
garderobar, skifte ventilasjon innan 10 år.

Kostnad: kr 3 - 3 700 000.

Eventuell etterbruk: Leilegheitsbygg,  
rekkehus. Bustadtomter.

#### 4.6.4. Torpo skule

Frå 1953. Grendehusdelen er frå 1980, basseng 1986. Skulen vart fullrenovert i 2010. Svømmehall med  
garderobar renovert i 2014.



Areal: 2 616 m<sup>2</sup>.  
5,5 m<sup>2</sup> per elev i klasserom.

Uteområde: 126 m<sup>2</sup> per elev.

Driftsutgifter 2016: kr 547 000.  
Driftsutgifter 2017: kr 652 000.

Årleg vedlikehald etter Holtenøkkelen,  
låg standard: kr 437 000.

Ventilasjon: 4 anlegg (2 frå 2010 og 2 frå  
2014).

**Større kjent vedlikehald:**

Skifte vindauge i gymsal.

Kostnad: kr 120 000.

Eventuell etterbruk: Utfordrande,  
(næring?).

#### 4.6.5. Ål ungdomsskule

Fra 1963. Fullrenovert i 2007. Etterisolering loft 2015. Lite påbygg i 2017.

 <p>Uteareal 2300 m<sup>2</sup></p>	<p>Areal: 3 773 m<sup>2</sup>. 4,1 m<sup>2</sup> per elev i klasserom.  Uteområde: 100 m<sup>2</sup> per elev.  Driftsutgifter 2016: kr 505 000. Driftsutgifter 2017: kr 447 000.  Årleg vedlikehald etter Holtenøkkelen, låg standard: kr 630 000.  Ventilasjon: 4 anlegg, 3 justerte inn i 2007, Ingen ledig kapasitet. Nytt lite anlegg er montert.</p>
<p><b>Større vedlikehald:</b> Måling utvendig av trefelt og grunnmur (tagging). kostnadsrekna til kr 150 000.</p>	<p>Eventuell etterbruk: Lite aktuelt</p>

#### 4.6.6. Samandrag, nøkkeltal skule

(alle kostnadsestimat i heile 1000 kr eks mva)

Skule	m <sup>2</sup> klasserom per elev	m <sup>2</sup> uteareal per elev	Årleg drifts- Kostnad 2016/17	Årleg vedlikehald låg norm	Framtidig vedlikehald/ investering	(jobbar i parentes er ikke med i kostnad- overslag)
Leveld	3,8	5100/77=66	420-460'	384'	1 450' + 930' (basseng)	Innvendig måling, senke himling i 3 klasserom, ny lysarmatur, ventilasjon, utbetring basseng inkl. ventilasjon
Nedre-Ål	3,8	5460/216= 25 + skulepark: 110	700-1000'	674'	4,3 mill kr	Nye vindauge mellombygg, utvendig måling, asbestosanering, golvbelegg, innvendig måling, ventilasjon
Skattebøl	4,1	12450/51= 244	180-290'	150'	3-3,7 mill kr	Lysarmatur, nytt golvbelegg, innvendig måling, renovering av garderobar, skifte ventilasjon innan 10 år
Torpo	5,5	7950/63= 126	550-650'	437'	120'	Skifte vindauge gymsal
Ål u.skule	4,1	18350/183= 100	450-500'	630'	150'	Måle trefelt og mur fasade
SUM			2,3-2,9 mill	2,3 mill	10-10,7 mill	

#### 4.6.7. Uteområde ved og rundt skular

Utdanningsdirektoratet skriv om uteområdet: «*Skolens utearealer skal betjene ulike aktiviteter, både organiserte og uorganiserte, både innenfor og utenfor skoletid. Skolens uteområder vil ofte være en del av nærmiljøets aktivitetstilbud, både mhp sport, lek og forskjellige arrangementer. Uteanlegget med møblering og utstyr skal være tilgjengelig og brukbart for alle. Den komplekse bruken vil sette*

*krav til funksjonell utforming samtidig som helheten må ivaretas på en god måte».*

<http://www.skoleanlegg.utdanningsdirektoratet.no/utearealer>

Leik i friminutt er viktig for sosial og fagleg læring og den fysiske og psykiske helsa. Skulane Leveld, Skattebøl og Torpo har særdeles gode uteareal/nærmiljø. Nedre Ål med skuleparken har også tilfredsstillande uteareal, men uavhengig av skulestruktur bør ein prioritere å tilrettelegge utearealet ved og rundt Nedre-Ål skule for meir allsidig aktivitet.

## 4.7. SFO i Ål

Opplæringslova § 13-7, seier at kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn. Plikt til å ha skulefritidsordning er avgrensa til skuleåret. Det er ingen plikt for kommunen til å ha ei slik ordning i feriane. Opplæringsloven gir ikkje elevar rett til plass i SFO.

Skulefritidsordninga skal ha vedtekter som er fastsett lokalt av kommunen. Kommunen kan krevje utgiftene til skulefritidsordninga dekka gjennom foreldrebetaling. Slik er det i Ål kommune. Fleire kommunar vurderer redusert foreldrebetaling i SFO og ser dette som eit viktig steg for å minke sosiale skilnadar.

Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn.

Funksjonshemma barn skal ha gode utviklingsvilkår. Areala, både ute og inne, skal vere eigna for formålet. Det er ikkje nasjonale krav til kva skulefritidsordninga skal innehalde, men kommunen kan utforme eigne planar til Innhold. I Ål er det ingen slik felles plan.

Om lokalisering av SFO-lokale skriv Udir på sine nettsider; «Ved innføringen av SFO-ordningen ble det i mange kommuner valgt å etablere SFO i selvstendige tilgjengelige bygninger/lokaler som lå nær ved eller et stykke fra skoleanlegget. For eksisterende skoleanlegg var dette et praktisk lokaliseringsvalg gjerne med utgangspunkt i kapasitet på den enkelte skole og evt. tilgjengelige lokaler i nærheten. I dag er SFO i større grad en integrert del av barnas skolehverdag og lokaliseringsvalget bygger på andre premisser. På nyere skoler plasseres SFO-lokalene gjerne slik at skolen og SFO kan ha sambruk av hverandres lokaler. Nærhet til de yngste elevene sine undervisningsrom og garderober er en fordel. I hht. loven skal SFO ikke bare ha egnede arealer innomhus, også et godt og egnet uteareal er viktig for SFO. Dette må tas med i vurderingen når SFO-lokaliseringen avgjøres.»

Oversikt over tal elevar i SFO

SKULE	01.01. 11	01.01. 12	01.01. 13	01.01. 14	01.01. 15	01.01. 16	01.01. 17	01.01. 18	Påmeldt 18/19
Skattebøl	37	32	21	24	21	30	31	31	33
Nedre-Ål	48	60	62	60	54	46	48	35	27
Leveld	23	27	31	31	30	24	27	29	20
Torpo	11	21	20	21	27	16	16	12	12
Sando	11	6	-	-	-	-	-	-	
<b>SUM SFO</b>	<b>130</b>	<b>146</b>	<b>134</b>	<b>136</b>	<b>132</b>	<b>116</b>	<b>122</b>	<b>107</b>	<b>92</b>

Ål har skulefritidsordning ved alle dei fire barneskulanane. Ferie-SFO er lagt til Nedre-Ål skule.

Tal elevar i SFO går ned. Det er flest elevar i 1. og 2. trinn på SFO. Leveld og Torpo har vanskar med å få nok elevar til å sjølvfinansiere ordninga. Ei ordning med kommunal finansiering vil truleg føre til at fleire vel å bruke SFO-tilbodet.

## 4.8. Ressursbruk


### 4.8.1. Barnehage

Barnehage i Ål	Avdelingar/plassar	Grunnbemanning				Møte-ressurs	Styrking	Språk-ressurs
		Styrar	Pedagog	Assistent	Disp.			
Nordbygdene bhg	2 avd, 36 plassar	0,8	2,9	3,4		0,2		
Sando bhg	2 avd, 36 plassar	0,8	2,8	3,6		0,2	0,2	
Skattebøl bhg	2 avd, 42 plassar	1,0	3,0	4,0		0,2	1,0	
Sundre bhg	6 avd, 102 plassar	1,8	6,8	11,2		0,2	2,4	0,2
Torpo bhg	2 avd, 30 plassar	0,7	2,8	2,3		0,2	1,2	

Tabellen over viser kor mange plassar som er i bruk og korleis personalressursen er fordelt.

Barnehagane i Ål har ei grunnbemanning på to assistantar og ein pedagogisk leiar per 18 barn over tre år og per 9 barn under tre år. Slik har grunnbemanninga vore i mange år, og er lik den dei aller fleste kommunane i Norge fylgjer. Frå 01.08.18 er pedagognorma i barnehagen skjerpa. I forskrift 22. juni 2017 nr. 1049 om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager lyder § 1: «*Barnehagen skal ha minst én pedagogisk leder per syv barn under tre år og én pedagogisk leder per 14 barn over tre år. Ett barn til utløser krav om en ny fulltidsstilling som pedagogisk leder. Barn regnes for å være over tre år fra og med august det året de fyller tre år.*»


Grunnbemanninga blir skalert opp eller ned alt etter barnetalet i barnehagen. Ressursbruken har dei siste åra vore nøktern. Figuren under viser at målt per innbyggjar brukar Ål mindre til barnehage enn gjennomsnittet i fylket og i kostragruppe 3 (norske kommunar som er samanliknbare med Ål).



Figuren på neste side viser ein tendens. Fram til 2017 er netto driftskostnad per barn i Ål om lag på same nivå som for kostragrupperna. I 2017 går tal innrapportere barn ned frå 199 i 2016 til 184 i 2017. Noko av forklaringa kan vere behovet for ei minstebemanning, og at me i 2017 med færre barn får ledig kapasitet. Dette har ein positiv effekt, kommunen kan tilby barnehageplass heile året og barnehagen får betre tid til å følgje opp enkeltbarn. Men det blir ikkje like kostnadseffektivt som det fram til no har vore.

Fleire kommunar har berre tilbod om femdagars barnehageplassar. Ål har både tre-, fire- og femdagars plass. Dette gir ofte ein unytta kapasitet som ikkje gir inntekt. Med berre femdagars plassar ville gruppene bli jamnare, og det ville bli enklare å planlegge framtidig barnehagekapasitet.

Kanskje bør kommunen også vurdere lågare barnehagebetaling enn makssatsen som blir fastsett i statsbudsjettet kvart år? Dette kan vere med å gjøre kommunen meir attraktiv for tilflytting.



#### 4.8.2. Skule

Årsverk lærar, assistent, rektor og administrasjon, skuleåret 2017/2018

Skule	Elevtal	Grupper	El./lærar	Årsverk	Kontor	Leiing	El.ekstra	E.I.t HTV	Assistent	Ramme
Leveld skule	78	7	8,6	9	0,2	1	0,8	0,3	1,8	13,1
Nedre-Ål skule	217	12	11,4	19,1	0,8	2,1	0,8	0,2	4,1	27,1
Skattebøl skule	54	4	10,4	5,2	0,2	0,8	0,4	0,3	1,3	8,2
Torpo skule	63	6	7,7	8,2	0,2	1	0,4	0,2	1,4	11,4
Ål ungdom.	185	9	10,1	18,4	0,8	2,6	1	0,6	3	26,4
SUM	597			59,9	2,2	7,5	3,4	1,6	11,6	86,2

I tillegg kjem ekstra timer til tidleg innsats som blir refundert frå staten og timer til gjesteelevar som har vedtak om ekstra timer frå heimkommunen. Desse stillingane blir finansiert med refusjonar frå heimkommunen. Assistentar til SFO kjem også i tillegg. Desse blir i all hovudsak finansiert med foreldrebetaling.

Lønskostnaden er den store drivaren i ressursbruken. Tal henta frå GSI viser at Ål ligg tett opp til gjennomsnittet i kostraggruppe 3:

Indikator og nøkkeltall	2012-2013	2013-2014	2014-2015	2015-2016	2016-2017
Årsverk for undervisningspersonale - Ål kommune skoleieier	75,8	74,6	70,7	71,2	77,1
Antall elever per årsverk til undervisning - Ål kommune skoleieier	9,2	9,6	9,8	9,8	9,0
Antall elever per årsverk til undervisning - Kommunegruppe 03	9,0	9,2	8,9	9,2	9,1
Antall elever per årsverk til undervisning - Buskerud fylke	12,6	12,6	12,8	12,7	12,7
Antall elever per årsverk til undervisning - Nasjonalt	12,2	12,2	12,2	12,2	12,1

Oppvekst har dei siste åra redusert grunnbemanningsa i skule, men ulike refusjonsinntekter har redusert nedgangen i årsverk. Dette gav stort utslag for skuleåret 2016-2017. Dette var første året kommunane fekk ekstra ressurs til tidleg innsats. I Ål utgjorde dette i underkant av to stillingar. I tillegg fekk kommunen fleire barn som utløyste ekstra bemanning og ekstra inntekt. Skuleåret 2017-

2018 er talet 76,8 årsverk. Lærartettleiken i Ål er om lag som ein gjennomsnittleg kommune i kostragruppe 3, og betre enn fylkes- og landssnittet.

Fordelingsmodellen i kombinasjon med Sparekatalog har dei siste åra rokka ved den interne fordelinga. I 2011 hadde Nedre-Ål flest årsverk per elev. I dag er lærartettleiken (årsverk grunnressurs minus administrasjon) ved dei ulike skulane etter den kommunale ressurstildelinga: Leveld 8,6. Nedre-Ål 11,7, Skattebøl 9,6, Torpo 7,8 og Ål ungdomsskule 10,1.

Antall assistentårsverk i undervisningen - Ål kommune skoleieier	15	17	12	14	12
Antall elever per assistentårsverk i undervisningen - Ål kommune skoleieier	40,8	38,5	51,9	46,5	53,8
Antall elever per assistentårsverk i undervisningen - Kommunegruppe 03	57,8	61,5	60,7	57,7	55,3
Antall elever per assistentårsverk i undervisningen - Buskerud fylke	72,2	73,1	78,4	76,4	74,3
Antall elever per assistentårsverk i undervisningen - Nasjonalt	75,5	74,7	75,8	74,1	71,0


Tal assistenter svingar også noko med elevbehov og refusjonsinntekter, men det har dei siste åra vore ein nedgang i talet på assistenter. Ål har om lag like mange assistenter som kostragruppe 3. Målt mot lærarårsverk, er det skuleåret 2016-2017 liten skilnad på Ål kommune, kostragruppera, og fylket/landet:

Antall assistentårsverk per hundre lærerårsverk - Ål kommune skoleieier	20,3	22,4	17,4	19,2	15,4
Antall assistentårsverk per hundre lærerårsverk - Kommunegruppe 03	13,8	13,2	13,2	14,2	14,6
Antall assistentårsverk per hundre lærerårsverk - Buskerud fylke	15,4	15,2	14,6	14,8	15,3
Antall assistentårsverk per hundre lærerårsverk - Nasjonalt	14,2	14,3	14,2	14,6	15,2

Tal undervisningstimar per elev syner at me i nokre år har hatt færre timar per elev enn kostragruppe 3. Skuleåret 2016-2017 er kommunen attende på nivået til kostragruppera, men er langt over talet i fylket og for landet.


Undervisningstimer totalt per elev - Ål kommune skoleieier	77	75	73	73	79
Undervisningstimer totalt per elev - Kommunegruppe 03	79	78	80	77	78
Undervisningstimer totalt per elev - Buskerud fylke	56	57	56	56	56
Undervisningstimer totalt per elev - Nasjonalt	58	59	58	58	59

Tabellane under viser alle at Ål er ein gjennomsnittleg kommune i kostragruppe 3, dvs. kommunar me kan samanlikne oss med.



Både Ål kommune og kostragruppe 3 har i perioden brukt rundt 16 000 kroner per innbyggjar på skule.


Fylkessnittet ligg rundt 12 000 kroner per innbyggjar.



Kommunen har hatt ein svak auke i perioden frå kr 123 000 per elev i 2012 til kr 131 000 i 2017.

Kostragruppe 3 har i same periode auka frå kr 127 000 til kr 139 000.

Fylkessnittet har auka frå kr 92.500 i 2012 til godt kr 104 000 i 2017.



Både Ål kommune, kostragruppa og fylkessnittet brukar prosentvis mindre av drifta på skule.

Ål kommune brukte i 2012 26,9 % til undervisning, og berre 22 % i 2017.

Nedgangen i kostragruppa er frå 24,7 % til 22,7 %.

Fylkessnittet har gått frå 24,6 % i 2012 til 23,1 % i 2017.


KOSTRA samlar informasjon frå kommunane og staten frå ulike rapporteringssystem for å kunne samanlikne ressursbruk og prioriteringar mellom kommunane. Ål kommune hadde ein grundig gjennomgang av heile den kommunale drifta gjennom KOSTRA-analyse i 2017. Til dette fekk kommunen hjelp av KS-konsulent Chriss Madsen. Dette gav oss ei grundig analyse av vår ressursbruk og våre prioriteringar, også innanfor skule og barnehage.

For skule har Ål 15 % høgare utgiftsbehov til drift enn landsgjennomsnittet. Ål har 5 skular og gjennomsnittleg få elevar på dei 3 minste skulane, med små elevgrupper samanlikna med landsgjennomsnittet. Ser me på kommunane rundt oss viser tala dette:


	Ål	Hol	Gol	Nes	Sigdal	Kom.gr.3	Landet eks Oslo
Netto driftsutg per innb 6-15 år	120 000	135 000	110 000	136 000	125 000	133 000	105 000

KOSTRA viser også at kommunen har fleire lærartimar per elev både på barne- og ungdomsseget enn landsgjennomsnittet. Ser me på kommunane rundt oss, er Gol den kommunen som ligg nærmast landsgjennomsnittet. Hol, Gol og Nes ligg om lag på nivå med Ål.

	Ål	Hol	Gol	Nes	Sigdal	Kom.gr.3	Landet eks Oslo
Lærartimar per elev barnesteg	82	77	55	73	64	76	57
Lærartimar per elev ung.steget	75	87	65	95	60	81	62



Tabellane over viser at Gol med lærartimar nær landssnittet også har driftsutgifter per elev nærmest landssnittet. Chriss Madsen har i dette tenkt tilfellet samanlikna driftsutgiftene per elev. Gol brukar minst per elev. Dersom Ål brukte like lite som Gol per elev, ville Ål kommune bruk 11,6 mill kroner mindre til opplæring.



Madsen viser med denne figuren at det er ein samanheng mellom skulestorleik og driftsutgifter. Ein skule i Gol med 543 elevar gir stordriftfordelar. Målt i ressursbruk er det kostbart med fleire mindre skular.

Elevtalet i Ål har i lengre tid vore stabilt og det har vore rimeleg god ressursutnytting samanlikna med kostragrgruppa. I åra som kjem vil både barnetal og elevtal gå ned. Det vil gi store utslag på rammetilskotet for denne aldersgruppa, og drifta vil ikkje bli like kostnadseffektiv som den har vore.

## 5. Dei fire perspektiva

### 5.1. Det økonomiske perspektivet

Målt mot samanliknbare kommunar i kostragruppe 3, ser utgiftsnivået ut til å vere ganske normalt. Dette er kommunar med om lag same storleik, økonomi og struktur som Ål. Utfordringa kjem framover dersom elevtalet går ned slik prognosane tyder på. Sjå kap. 4.1.

Staten finansierer delar av den kommunale drifta gjennom rammetilskotet. Dette er bygt opp av ei mengd faktorar, der den kommunale demografien er eit viktig element.

Så lenge prognoser (SSB, alternativ Middels) viser ein elevtalsnedgang, vil rammetilskotet til denne gruppa bli mindre rekna frå 2018:

	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026
Elevtalsnedgang	- 10	- 9	- 13	- 13	- 8	- 20	- 8	- 14
Elevtalprognose	590	581	568	555	547	527	519	505
Reduksjon i årleg rammetilskot	1,1 mill	2,1 mill	3,5 mill	5 mill	5,8 mill	8 mill	8,9 mill	10,5 mill

Viss aldersgruppa 0-5 år har mellom svak og middels vekst i åra fram mot 2026, kan barnetalet gå noko opp, og rammetilskotet for denne gruppa vil kunne auke med 2-3 millionar.

Tabellen over viser prognosene SSB legg til grunn. Det er ein prognose, men den underbygger den negative trenden. Som følgje av at kommunen får eit redusert tal innbyggjarar i alderen 5-16 år, vil rammetilskotet til kommunen bli redusert for denne aldersgruppa. For kvar innbyggjar i alderen 5-16 år viser berekningar at kommunen får om lag kr 110 000 (tal for 2018). På same tid får kommunen ein sterk vekst i tal innbyggjarar over 67 år. Det vil auke utgiftsbehovet for denne aldersgruppa betydeleg og kan gi ei skeiv utgiftsfordeling. Målet er gode læringsmiljø også i framtida. Då kan det bli nødvendig å drifte skulane meir kostnadseffektivt.

Når tal elevar i klassen blir mellom ti og fem, blir det dårlig ressursutnytting, sjølv om fleire trinn går i same klasse.

### 5.2. Det pedagogiske perspektivet

Alle ynskjer ein god skule med god kvalitet. Kartleggingsprøver, grunnskulepoeng, eksamensresultat og gjennomføringsgrad i vidaregåande skulen måler kvalitet i opplæringa. I tillegg kjem sjølve undervisninga; didaktikk, metodikk, relasjonsbygging og klasseleiing. Det handlar også om kvalitet på skulebygg, luft, reinhald og vedlikehald. Til slutt handlar det om korleis barnehage- og skuleeigar følgjer opp lovverk, forskrifter (lokale og sentrale), økonomistyring, kompetanseutvikling, gruppstørleik og fysiske rammer.

Det er ikkje gjort mange vurderingar der små og store skular blir samanlikna. Årsaka er mellom anna at små og store skular ofte ligg i ulike miljø, og at det som regel er langt færre elevar per årsverk i små skular. Dermed blir utgangspunktet svært ulikt og det blir vanskeleg å gjera ei «nøytral» samanlikning. **Tone H Sollien** i Asplan Viak (Sollien: 2008) har i ein artikkel gjort ei vurdering basert på både norsk og internasjonal forsking:

- **Elevenes faglige utbytte** øker noe med skolestørrelse. Dette trenger likevel ikke å ha med skolestørrelsen i seg selv, men peker på at det kan være andre faktorer som påvirker det faglige utbyttet i positiv retning ved store skoler som ikke oppnås i samme grad i små skoler.
- **Elevenes sosiale kompetanse.** Dette punktet inneholder elementer som grad av mobbing, grad av trivsel med mera. Det finnes ikke forskningsmessig belegg for å si at skolestørrelser har betydning for læringsmiljø og elevenes sosiale kompetanse. Likevel vil noen hevde at det er tryggere miljø på en liten

*skole med få elever. Noen hevder også at det ved større skoler vil være enklere for flere å finne seg en venn. Hvis skolen blir veldig liten vil det kunne skje at det på enkelte alderstrinn blir veldig få elever, og kanskje blir man alene.*

- **Elevenes motivasjon for læring.** *Det finnes ikke forskningsbelegg for å kunne si at skolestørrelse har betydning for elevenes motivasjon for læring.*
- **Elevmedvirkning.** *Det finnes ikke forskningmessig belegg for å kunne si at skolestørrelser har betydning for muligheten for elevmedvirkning i skolen.*
- **Tilpasset undervisning.** *Små skoler kan være bedre for visse elevgrupper. Det vil være noe ulikt behov for «å bli sett» av læreren. På små skoler med få elever vil sjansen for å bli «oppdaget», sett- og dermed bli ivaretatt naturlig nok kunne være bedre når lærere og andre voksne har færre elever å jobbe med. Men, dette er også avhengig av de voksnes kompetanse. I en større skole vil det kunne være større bredde i kompetansespekeret blant de voksne, slik at handlingskompetansen der vil kunne være bedre.*
- **Skole-heim samarbeidet.** *Det finnes ikke forskningmessige data som sier noe om dette. Man kan likevel tenke seg at det ved mindre skoler blir en nærmere relasjon, «alle kjenner alle» mellom skole og heim.*
- **Samarbeid med lokalsamfunnet.** *Det finnes noe forskningmessig belegg for å si at små bygdeskoler gir bedre muligheter for godt samspill mellom skole og lokalsamfunn og for å integrere lokalsamfunnet i skolens læringsaktiviteter.*

*Ut fra dette konkluderer Sollien med at andre faktorer i skolens rammebetingelser og skolens virksomhet har større betydning for kvaliteten i skolen enn størrelsen på skolene. Uavhengig av valgt skolestørrelse er kvalitet og kvalitetsutvikling i skolen avhengig av at man arbeider med forhold som man fra forskningen vet har betydning for kvaliteten i skolen. (Kjelde: Vurdering av skolestruktur og ny forskrift om skolekretsgrense I Verdal kommune)*

Marianne Øvstehage har skrive ei masteroppgåve ved Høgskolen i Hedemark i 2015, «I hvilken grad er læringsmiljøet ved en skole påvirket av skolestørrelse?» Øvstehage skriv i samandraget: «*Hovedfunnene viser at elevene ved små skoler trives jevnt over bedre og har bedre atferd enn elevene fra de større skolene. Elevene fra de store skolene scorer derimot høyere på relasjon og skolefaglige prestasjoner*».

Nyare forsking legg vekt på det kollektive læringsarbeidet. I stortingsmelding nr. 28:17 (2015-2016): *Fag-Fordypning –Forståelse*, heiter det mellom anna: «*Nøkkelen til å løfte elevenes kunnskap og læring er å satse på lærernes kompetanse, det profesjonelle lagarbeidet på skolene og tydelig skoleledelse og skoleeierskap.*» Ved å samle elevar og tilsette i større miljø, blir det enklare å legge til rette for å lære av kvarandre.

Ål har gjennomgående god kvalitet på det fysiske læringsmiljøet i både barnehagar og skular. Sjå oversikt over barnehagar og skular (kap. 4.5 og 4.6). Barnehagane er med den siste ombygginga i Skattebøl godt rusta med gode areal for både barn og tilsette, inne og ute. I tre av skulane (Leveld, Nedre-Ål og Skattebøl) er det behov for å gradere opp læringsmiljøet.

### 5.3. Det organisatoriske perspektivet

Mindre skular er meir oversiktlege og det er ofte enklare å omorganisere timeplan og grupper. Større elevmasse gir likevel større organisatorisk handlingsrom. Det går ei grense mellom ein og to parallellear til saman i samme trinn. Det blir enklare å bygge faglege lærarteam rundt trinnet. Lærarane vil lettare kunne utnytte fagkompetansen. Dei kan arbeide meir med same fag i t.d. to parallellear på same trinn. Innan 2025 er det eit krav om 30 studiepoeng for å undervise i norsk, engelsk og matematikk på barnetrinnet, og 60 studiepoeng i dei same faga på ungdomstrinnet. Til mindre skulane er, til vanskelegare blir det å dekkje opp kompetansekravet.

Ein barneskule med to parallellear vil betre tåle variasjon i elevtalet. Det vil også vere enklare å dele elevene i grupper etter individuelle behov. Ved ein liten skule med få elevar kan det vere enklare å gi tilpassa opplæring, men ofte er behovet for ekstrahjelp like stort om klassen er stor eller liten.

I eit større team som arbeider tett på same trinn, er det enklare å organisere undervisning ved korttidsfråvær.

I Ål er leiarressursen spreidd på fem barnehagar og fem skular. I sum har for tida barnehagane 5,1 stillingar til leiing. Skulane har 7,5 stillingar til leiing og 2,2 til sekretær. Desse stillingsheimlane er ikkje endre dei siste åra. I 2012 hadde skulesektoren besøk av eit nasjonalt veilederkorps. Dei meinte kommunen med fordel burde styrke leiinga ved dei største skulane med sosiallærar og auka rådgjevarateneste. Slike funksjonar er det ikkje funne rom til så lenge det er mange einingar som skal ha sin del av leiarressursen.

Fleire barnehagar og skular krev også at ressursen til andre funksjonar blir delt på fleire. Det gjeld særleg helgestasjon og PPT som gjennom sine primærkontaktar ynskjer å arbeide tett på i barnehagar og skular med systemarbeid. Med mange einingar blir dette arbeidet meir tidkrevjande. Pedagog med spes.ped.ansvar og IKT-ansvarleg er andre funksjonar som blir løyst på kvar enkelt arbeidsplass med marginal tidsressurs. Færre einingar vil kunne gi stordriftfordelar.

I tillegg har oppvekstkontoret ein kommunalsjef, to rådgjevarar og ein sekretær i 40 % stilling. Fleire einingar i kommunen krev meir koordinering, oppfølging og støtte frå barnehage- og skuleeigar.

Kommunen har ansvar for læringsmiljøet i både barnehage og skule. Lovverk og nasjonale føringar stiller store krav til kommunane. For å løyse alle oppgåver på ein tilfredsstillande måte, må administrativ barnehage- og skuleeigar i Hallingdal samarbeide. Samarbeidet blir styrt gjennom Oppvekstleiarforum der alle barnehagefaglege og skulefaglege i Hallingdal er med.

#### **5.4. Det samfunnsmessige perspektivet**

Vil endring i skulestrukturen få konsekvensar for lokalsamfunnet? Og kva er eit lokalsamfunn? Innhaldsmessig er ordet lokalsamfunn i stadig endring. Kommunikasjon og samværsformer har endra seg mykje dei siste tiåra. Tidlegare var ofte grensa for lokalsamfunnet skulekretsen. I dag er skulekretsen ein av fleire faktorar som definerer lokalsamfunnet.

I stortingsmelding nr. 21 «Hjarte for heile landet» (2005-2006) heiter det at skulen spelar ei sentral rolle i lokalsamfunnet, som møteplass og arena for frivillig aktivitet og kulturformidling.

Klassekampen skriv i ein artikkel 13. mars 2018:

«Grendeskulane er fleir brukshus som er i bruk heile dagen. På dagtid som skule og barnehage, om ettermiddagen og kveldstid til treningsgrupper, øvingslokale for musikkorps, og musikklag, grenadakafé og andre sosiale aktivitetar. Skulen vert eit nav i lokalsamfunnet som har stordriftsfordelar sidan bygget femnar om så mange aktivitetar. Vert skulen lagd ned, forsvinn stordriftsfordelane. Dei aktivitetane som er att i skulebygget står også i fare. Då er det vaktmeister, husleige og vedlikehald som skal fordelast på aktivitetar som ikkje har inntekter til å bere dei. Det neste som skjer, er at tilflyttinga stansar opp.»

Telemarkforsking skriv i ein rapport (Skolestruktur i Stange kommune, 2014), dette om strukturendring: «Frå politisk hold blir det ofte hevdet at dersom skolen legges ned, så dør bygda. Vi har ikkje funnet støtte for dette i forskingslitteraturen. Det ser derimot ut til at skolenedleggelse er en konsekvens av at bygda allereie er uttynna.»

I samtale med unge tilbakeflyttarar der dei grunngir kvifor dei flytter heim til Ål kommune, er dette nokre av stikkorda: *Kjem nærmare familien, ungane kan leike i natur, kort veg til fri natur, heimlengt, vil bu nær fritidsaktivitetane i sentrum.*

## 6. Barnehagestruktur - ulike alternativ

### 6.1. Drift og organisering, ulike alternativ

Ål har berre kommunale barnehagar og alle dei fem barnehagane er i god stand og innfrir forskriftsmessige krav, og dei har gode uteareal og nærområde. Ingen av barnehagane har behov for store bygningsmessige investeringar, anna enn årleg vedlikehald og utskifting av leikeapparat. Kjent vedlikehald er kostnadsrekna til kr 3 mill., der drenering og nytt avlaupsanlegg i Sando er den største enkeltsummen. Sjå pkt. 4.5.6.

Oversikten under syner at det var ein barnehagetopp i 2013 og 2014:

	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Barn	206	201	201	207	207	206	207	214	220	203	199	189

I 2013 vart barnehagen i Sando communal og flytta inn i gamle Sando skule. Etter dette er den private barnehagen Stallen og familiebarnehagen Solflekken lagt ned og det har vore ein nedgang i plassar som harmonerer med nedgang i barnetal. Ål kommune oppfyller lovkravet om rett til plass.

Når framtidig barnehagebehov skal drøftast, er det fleire usikre faktorar. Det er føresette som avgjer om barnet skal gå i barnehage. Kontantstøtte, verdival, faktisk behov og praktiske omsyn er faktorar som spelar inn. I 2017 hadde 77 % av eittåringane ein barnehageplass, mens 98 % av femåringane hadde plass i barnehage i Ål.

Bemanninga i barnehagane blir regulert etter det faktiske barnetalet/behovet inn til ei viss grense. Det siste barnehageåret starta med litt ledig kapasitet men er per i dag fylt opp. Ledig kapasitet er mindre kostnadseffektivt, men det kan gi rom for å følgje opp barnegruppa betre, og det er eit politisk ynskje å kunne tilby barnehageplass til familiar i det dei flytter til kommunen.

Alle barnehagane i Ål har opningstid frå 07:00-17:00. Dette er eit gode for innbyggjarane i alle delar av kommunen, men det gir organisatoriske og ressursmessige utfordringar når barnetalet går ned. Torpo barnehage har innverande år, i samarbeid med foreldre, ei prøveordning med redusert opningstid 07:00-16:30.

Om fødselstalet i snitt blir rundt 40 dei komande åra og innflyttinga liten, må kommunen forvente færre søknadar om barnehageplass framover.

Kommunen kan:

1. Skalere ned drifta i alle barnehagane
2. Legge ned ein av dei fire minste barnehagane (eventuelt vurdere oppvekstsenter-modellen)
3. Redusere barnetalet i Sundre barnehage
4. Oppvekstsenter i grendene.

#### 6.1.1. Skalere ned drifta i alle barnehagane (alternativ 1)

Dette er det minst dramatiske framlegget. Ein to-avdelings barnehage har fullt utnytta 36 plassar. Om barnetalet i ein to-avdelings barnehage går ned til 28-30 plassar, er det vanleg praksis å skalere ned grunnbemanninga tilsvarande frå seks til fem tilsette. Dette gir utfordringar med mellom anna opningstid i dei fire minste barnehagane. Personalaet må dele seg på fleire timer, det blir færre tilsette i kjernetida. For å sikre god bemanning i kjernetida bør ein med denne modellen vurdere ulike opningstider i barnehagane i Ål.

Når barnetalet går ned i ein to-avdelings barnehage, må styrarane i større grad gå inn i fast turnus på ei avdeling, og vil ikkje kunne delta i felles kommunale møte og felles planarbeid i same grad som før.

Styrar har eit breitt arbeidsfelt frå drift til utvikling og har ansvar for å følgje opp personal, foreldre, barn hjelpeinstansar, elevar og foreldre. Difor er det ynskjeleg med styrar i stor stilling. Med styrar fast på avdeling, kan ikkje styrar i same grad som tidlegare gå inn som vikar ved korttidsfråvær.

Ål kommune tilbyr både tre-, fire-, og fem-dagars barnehageplass. Erfaring viser at det er vanskeleg å utnytte denne ledige kapasiteten. Mange stader i Noreg tilbyr berre heile plassar, dvs. fem dagar.

Komande barnehageår (2018/19) er kapasiteten i barnehagane i Ål utnytta ulikt frå dag til dag:

per april 2018	Kapasitet	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Grunnbemanning
Nordbygdene	36	28	30	22	30	27	5
Skattebøl	36	28	30	27	30	31	5
Sundre	108	100	98	94	99	95	18
Sando	36	33	33	27	35	30	6
Torpo	36	28	26	26	25	27	5
SUM	252	217	217	196	219	210	39

Med utvida gruppe er kapasiteten i to-avdelingsbarnehagane 42 plassar.

Etter bemanningsnorma viser denne oversikta at for komande år er det rom for å redusere grunnbemanninga på enkeltdagar i fleire barnehagar. Onsdag kan Nordbygdene redusere til fire, og Sando kan redusere til fem. Men å redusere bemanninga på enkeltdagar er ikkje heldig for organisering og drift. Det kan gi innsparing i kroner og øre, men det gir organisatoriske utfordringar i barnehagen og forsterkar utfordringa med lang opningstid. Dersom det berre var fem-dagars plassar, ville det bli minst 30 plassar kvar dag i Nordbygdene, Skattebøl 31 plassar, Sundre 100, Sando 35 og Torpo 28. Dette ville sikre ei stabil grunnbemanning og det ville styrke driftsgrunnlaget for alle barnehagane.

Å skalere ned drifta i alle barnehagane har driftsmessige og organisatoriske utfordringar og gir dårligare kapasitetsutnytting. Samstundes vil barnehagane få betre tid til å drive med tilrettelegging for barnegrupper og enkeltbarn, og familiar som flytter til Ål vil vere sikra barnehageplass gjennom heile året. Det er også enkelt å auke kapasiteten om barnetalsutviklinga blir betre enn prognosane.

Om dette blir det varige alternativet, må det gjerast ei grundigare vurdering av korleis barnehagane skal driftast med tanke på tal plassar, styrarressurs, norm for grunnbemanning og opningstid.

### 6.1.2. Legge ned ein to-avdelings barnehage (alternativ 2)

Etter prognosane vil kommunen ha behov for alle barnehagane i nokre år til. Om ein av dei minste barnehagane blir lagt ned no, vil det ikkje vere plass til alle desse borna i dei andre barnehagane. Om barnetalet blir verande lågt eller framleis går ned, vil det bli krevjande både økonomisk og organisatorisk å halde på fem barnehagar i kommunen.

I tabellen under er tal plassar som er tildelt for barnehageåret 2018/19 fordelt på fire barnehagar:

per april 2018	Kapasitet	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Grunnbemanning
To-avdelingar	36	35	35	30	36	34	6
To avdelingar	36	36	36	30	36	36	6
To avdelingar	42	40	40	36	41	40	7
Sundre	108	106	106	100	106	100	18
SUM	222	217	217	196	219	210	37

Med utvida gruppe i ein av to-avdelingsbarnehagane, ville det på papiret frå hausten 2018 vere plass til alle med rett til plass og som ynskjer plass, sjølv om ein barnehage var lagt ned. Reint praktisk ville

det per i dag bli vanskeleg å gå frå fem til fire barnehagar. Barn er fordelt på ulike dagar og ulike avdelingar. Særleg er det ei utfordring at det er færrast barn på småbarnsavdelinga. Med berre fem-dagars plassar ville det kome meir tydeleg fram at i realiteten er fleire plassar i bruk i løpet av ei veke, men på ulike dagar. Om ein barnehage vart lagt ned, ville det også bli svært vanskeleg å finne plass til dei åtte barna som alt er søkt inn frå januar 2019, og det ville ikkje vere plass til barn som eventuelt flytter til kommunen i løpet av året. Og eit nærmiljø vil miste barnehagetilbodet. Før ein legg ned ein barnehage må kommunen også vere trygg på at eksisterande barnehagar vil fylle behovet også i framtida.

Ved å legge ned ein barnehage vil ein spare driftskostnadar til vask, energi og vedlikehald. Eit gjennomsnittstal gir årleg innsparing på om lag kr 200 000. I tillegg vil ein spare 80 % styrarressurs. Det vil også gi betre plassutnytting og slik vil ein kunne spare personalressurs, om lag to stillinger samanlikna med alternativ 1. Hjelpe- og støttefunksjonar som PPT, helsestasjon, driftsavdeling får ei verksemd mindre. Dette gir færre møte og mindre reisetid.

Dei barnehagane som er igjen vil få meir stabil grunnbemanning med seks tilsette. Det vil vere enklare å halde på dagens opningstid. Det blir heller ikkje nødvendig å redusere styrarressursen.

Etterbruk av barnehagen som eventuelt blir lagt ned vil bli utfordrande. Ein barnehage kan ikkje utan vidare nyttast til andre formål. Av dei fire to-avdelingsbarnehagane er vurderinga at Skattebøl og Torpo er dei barnehagane som det er enklaste å omsetje i marknaden. Dei ligg i eit bustadområde og kan byggast om til fleirmannsbustad eller rekkehus.

#### **6.1.3. Redusere barnetalet i Sundre barnehage (alternativ 3)**

I dette framlegget blir all nedskalering tatt i Sundre barnehage. Ved å samle reduksjonen, vil ein spare meir effektivt enn å ta litt i kvar barnehage. Skal dette få effekt, må ein spare inn ei heil avdeling. I dette alternativet vil ein legge til rette for betre utnytting av kapasiteten i dei fire to-avdelingsbarnehagane. Det vil også vere med på å sikre lik opningstid i alle barnehagane.

Sundre barnehage vil få noko ledig areal, men det er vanskeleg å sjå kva dette arealet eventuelt skal nyttast til. Truleg vil arealet bli ein del av bruksarealet for dei borna som er igjen på huset, eller som arbeidsplassar og møterom for personalet.

Sundre barnehage har i dag seks avdelingar, og er den barnehagen i kommunen som enklast kan prøve ut alternative organisatoriske modellar om barnetalet går noko ned. Dette alternativet er mindre endeleg enn alternativ 2. Det er enklare å reversere om barnetalet skulle auke.

Per i dag er det størst opptakspress i Sundre barnehage. Behovet er størst i sentrum. Slik sett er det uheldig for brukarane å redusere barnehagetilbodet der presset er størst.

#### **6.1.4. Oppvekstsenter (alternativ 4)**

Oppvekstsenter i Nordbygdene, Torpo og Skattebøl kan vere eit alternativ. Største skilnaden frå i dag vil vere at barnehagen og skulen får felles leiar. Dette kan bidra til betre samarbeid og betre overgang mellom barnehage og skule. Men fordi lovverk og planverk er svært ulikt i barnehage og skule, blir det behov for ein «minirektor» og ein «ministyrar» i tillegg til avdelingsleiaren. Tanken om oppvekstsenter står ikkje like sterkt i dag som den gjorde for nokre år sidan.

Dersom det blir aktuelt å vurdere å legg ned ein to-avdelingsbarnehage, bør dette alternativet greiaast grundigare ut. Då må ein vurdere om det, der det ligg til rette for det, kunne vere barnehage med berre ei avdeling i eit oppvekstsenter. For å sikre fornuftig opningstid og ei berekraftig grunnbemanning, kunne det t.d. vere eit alternativ å slå saman barnehageavdelinga og SFO.

### 6.1.5. Oversikt, ulike alternativ

Tabellen viser årleg innsparing ved dei tre mest aktuelle alternativa (det er ikkje rekna på alternativ 4, oppvekstsenter). Det er tal barn over og under tre år som bestemmer kor stor grunnbemannninga skal vere. Oversikten under viser kor stor meirinnsparing vil vere ved dei ulike alternativa.

Utgangspunktet i tabellen under er barnetal og bruk av plassar barnehageåret 2018/2019.

	Alternativ	Årleg drift og vedlikehald av bygg, stipulert	Behov Personalressurs	Samla innsparing
1	Skalere ned drifta i alle barnehagar	Kr. 2 130 000	Ulike alternativ: Redusere styrar frå 80 til 70 %. Redusere grunnbemannning til fire på enkeltdagar (kortare opningstid).	300 000
2	Legge ned ein av barnehagane	Kr. 1 930 000 (innsparing kr 200 000)	Kan spare ei styrarstilling (80 %) om lag kr 600 000. Fordi ledig kapasitet blir betre utnytta enn i alternativ 1, vil ein kunne spare to stillingar, om lag kr 1.1 mill.	1 900 000
3	Redusere tal barn i Sundre (ei avdeling)	Kr. 2 130 000	Kan legge ned ei avdeling, men vil berre spare inn to stillingar.	1 100 000

Dersom barnetalet held fram med å vere lågt, er det mest å spare på å legge ned ein barnehage. Alternativ to og tre utnyttar kapasiteten best. Per i dag kan ikkje kommunen legge ned ein heil barnehage.

## 6.2. Pedagogiske og samfunnsmessige konsekvensar

Dette høyringsdokumentet inviterer fagfolka i sektoren, foreldre barn og ungdom til å kome med innspel. Dei ulike alternativa vil ha pedagogiske og samfunnsmessige argument som talar både for og mot. Etter høyringa vil arbeidsgruppa vekte innspela og gjere faglege vurderingar før rådmannen vil kome med ei tilråding. I desse drøftingane er det viktig å hugse på artikkel 3 i barnekonvensjon som understrekar at barnets beste skal ligge til grunn i saker som omhandlar barn.

### 6.2.1. Skalere ned drifta i alle barnehagane (alternativ 1)

#### Pedagogiske og organisatoriske fordelar:

- Ein roleg og trygg start for dei minste barna.
- Ein styrar som er tett på avdelingane.
- ...

#### Pedagogiske og organisatoriske ulemper:

- Mindre fagleg miljø som i neste omgang kan gi dårlegare kvalitet på tenesta.
- Vanskelegare å ivareta god leik og aktivitet tilrettelagt for ulike aldersgrupper.
- ...

#### Samfunnsmessige og økonomiske fordelar:

- Opprettheldt eit tilbod i grenadene.
- Kan nytte ledig kapasitet til SFO-behov morgon og ettermiddag.
- ...

#### Samfunnsmessige og økonomiske ulemper:

- Mange bygg fører til auka vedlikehaldskostnader. Blir dyrt på sikt.
- Dei fleste arbeidsplassane og bustadane er i sentrum.
- ...

## **6.2.2. Legge ned ein av barnehagane (alternativ 2)**

### **Pedagogiske og organisatoriske fordelar:**

- Styrkar det faglege og sosiale miljøet i dei andre barnehagane.
- Større personalgruppe, blir mindre sårbart ved fråvær av personale.
- ...

### **Pedagogiske og organisatoriske ulemper:**

- Overgang barnehage/skule kan bli meir uryddig viss nær-barnehagen blir borte.
- Viktige sosiale relasjonar kan bli brotne i overgangen til skule.
- ...

### **Samfunnsmessige og økonomiske fordelar:**

- Reduserte driftsutgifter.
- Sikrar ei grunnbemanning som gjer det enklare å halde på dagens opningstid.
- ...

### **Samfunnsmessige og økonomiske ulemper:**

- Vanskeleg å reversere dersom behovet aukar.
- Ei foreldregruppe mistar barnehagen i nærmiljøet.
- ...

## **6.2.3. Redusere tal barn i Sundre (alternativ 3)**

### **Pedagogiske og organisatoriske fordelar:**

- Opprettheldt eit fagleg godt nivå i alle barnehagar.
- Betre plass i barnehagen kan opne for fleire pedagogiske og organisatoriske løysingar.
- ...

### **Pedagogiske og organisatoriske ulemper:**

- Sundre barnehage må endre og justere eksisterande rammer og rutinar.
- Eit stort miljø for fleirspråklege blir svekka.
- ...

### **Samfunnsmessige og økonomiske fordelar:**

- Lett å utvide att ved behov.
- Gir betre ressursutnytting fordi det blir mindre ledig kapasitet i alle barnehagane.
- ...

### **Samfunnsmessige og økonomiske ulemper:**

- Størst behov for barnehageplass og størst arbeidsmarknad i sentrum.
- Dårleg arealutnytting. Lite egna til andre formål enn barnehage.
- ...

## **6.2.4 Oppvekstsenter (alternativ 4)**

### **Pedagogiske og organisatoriske fordelar:**

- Felles leiing legg til rette for godt samarbeid mellom barnehage og skule
- ...

### **Pedagogiske og organisatoriske ulemper:**

- Små pedagogiske og sosiale miljø på trinnet.
- ...

---

**Samfunnsmessige og økonomiske fordelar:**

- Opprettheld eit desentralisert tilbod sjølv om barnetalet går ned.
- ...

**Samfunnsmessige og økonomiske ulemper:**

- Krevjande drift.
- ...

Desse punktlistene i kap. 6.2. er ikkje utfyllande. Høyringsinstansane blir utfordra til å vurdere fordelar og ulemper ved ALLE dei ulike alternativa i høyringssvaret. Svarskjema er å finne på heimesida til Ål kommune.

## 7. Skulestruktur, ulike alternativ

### 7.1. Drift og organisering, ulike alternativ

Ål kommune har ein desentralisert struktur og har investert mykje i denne strukturen. Bygningane er i rimeleg god stand, men fleire av skulebygga krev oppussing. I dei nærmaste åra er dette behovet stipulert til mellom 10 og 11 millionar kroner. Den største enkeltsummen er ei generell oppussing av Nedre-Ål skule, kostnadsrekna til kr 4,3 mill. Sjå pkt. 4.6.5.

Fordi elevtalet går ned, blir det nødvendig å sjå på strukturen vår, både for å effektivisere ressursbruken, men også for å vurdere kva for skuleordning som gir det beste tilbodet for elevane våre i framtida. Med kjente tal vil elevtalet hausten 2023 vere 462. Dette er 135 færre elevar enn inneverande skuleår (597 elevar). Viss me legg til 7 % som har vore den historiske auken, blir det 494 elevar i Ål kommune i 2023. Då nærmar me oss det elevtalet som SSB, middel prognose, har berekna for Ål i 2025, 504 elevar. Det er likevel 100 færre enn skuleåret 2017/2018.

I dette notatet er desse alternativa vurdert:

1. Same struktur som i dag - ingen endring
2. Legge ned Skattebøl skule og flytte elevane til Nedre-Ål.
3. Bygge ny barneskule for 1.-7. trinn, eventuelt bygge om Nedre-Ål skule.
4. Oppvekstsenter i grondene. Sjå pkt. 6.1.4.

Alternativ 1, 2 og 4 vil vidareføre den desentraliserte skulestrukturen i Ål.

Alternativ 3 vil føre til at alle elevane i Ål blir samla i sentrum.

I tillegg har arbeidsgruppa vurdert desse alternativa som lite realistiske:

5. Bygge ny ungdomsskule. Bruke eksisterande ungdomsskule som del av ny fellesbarneskule saman med Nedre-Ål skule.
6. Bygge stort skulesenter for 1.-10. trinn.
7. Samle 1.-2. trinn på Skattebøl

Det siste alternativet har vore framme tidlegare. Sist i 2015 og hausten 2017. Alternativet møtte stor motstand og vil truleg heller ikkje vere berekraftig over tid.

#### 7.1.1. Same struktur som i dag – ingen endring (alternativ 1)

I dette alternativet opprettheld kommunen ein desentralisert struktur med barneskule i Nordbygdene og på Torpo i tillegg til to barneskular i sentrum.

#### Elevtalsutvikling

ELEVTALE 2017/18	1	2	3	4	5	6	7	SUM
Leveld skule	12	7	9	11	12	11	16	78
Nedre-Ål skule	22	26	21	27	49	37	35	217
Skattebøl skule	16	12	18	8				54
Torpo skule	8	4	11	7	12	7	14	63
SUM	58	49	59	53	73	55	65	412

Med kjente tal blir elevtalet skuleåret 2023/24:

ALTERNATIV 1 - 2023/24	1	2	3	4	5	6	7	SUM
Leveld skule	7	6	6	7	4	11	12	53
Nedre-Ål skule	22	14	17	24	28	27	38	170
Skattebøl skule	7	8	11	10				36
Torpo skule	5	4	5	5	7	8	8	42
SUM	41	32	39	46	39	46	58	301

Med kjente elevtal blir det om lag 110 færre elevar på barnetrinnet skuleåret 2023/24. For dei tre minste skulane er dette ein nedgang på om 33 %, og for Nedre-Ål er nedgangen om lag 22 %.

Med prognosene til SSB, middels vekst, vil elevtalet i 2025/26 vere om lag 14 % høgre enn kjent elevtal i skuleåret 2023/24. Dette dokumentet legg til grunn ein elevtalsvekst på 8-10 % i 2025/26, sjå punkt 4.1. Sidan 1985 har årstrinnet auka med om lag 7 % frå fødselsåret til det året dei starta i 1. klasse. Mykje av årsaka til denne auken er på 2000-talet arbeidsinnvandring, busette flyktningar og elevar frå mottaket på Torpo. Mottaket er lagt ned, og per dato skal ikkje kommunar under femtusen innbyggjarar busette flyktningar. Inneverande år har Ål 26 framandspråklege barnehagebarn, og 68 framandspråklege elevar, dvs. at begge foreldra har anna morsmål enn norsk.

Kanskje er det difor optimistisk å rekne 8-10 % auke, og sjølv med ein så pass optimistisk prognose vil elevtalet likevel gå ned med om lag 80 elevar på barnetrinnet dei neste 8 åra.

PROGNOSER 2025/26	1	2	3	4	5	6	7	SUM
Leveld skule	9	8	8	8	8	9	8	58
Nedre-Ål skule	21	21	21	19	37	31	37	187
Skattebøl skule	9	9	10	12				40
Torpo skule	6	6	6	6	7	7	8	46
SUM	45	44	45	45	52	47	53	331

Fordelinga på dei ulike skulane er tilnærma ei prosentvis lik framskrivning av kjent elevtal i 2023/24.

Med denne elevtalsutviklinga blir Torpo fådelt med tre eller fire klassar. Leveld blir også fådelt med sannsynlegvis fire eller kanskje fem klassar. Med elevtalet over kan også Skattebøl skule bli fådelt og må slå saman 1. og 2. trinn. Organisatorisk krev ein fådelt skule meir koordinerte fagplanar mellom ulike trinn. Læraren vil også i større grad undervise ulike trinn i same klasse. Aldersblanding blir regelen.

## Ressursbruk

Tabellen under viser ressurstildelinga til skulane i Ål for neste skuleår, skuleåret 2018/19.

Skule	Elevtal	Grupper	El./lærar	Årsverk	Kontor	Leiing	El.ekstra	E.I.t HTV	Assistent	Ramme
Leveld skule	73	6	8,9	8,2	0,2	1	0,8	0,3	1,8	12,3
Nedre-Ål skule	208	12	11,4	18,2	0,8	2,1	0,8	0,2	3,2	25,3
Skattebøl skule	55	4	10,8	5,1	0,2	0,8	0,4	0,3	1,1	7,9
Torpo skule	57	5	8,3	6,9	0,2	1	0,4	0,2	1,2	9,9
Ål ungdom.	192	9	10,3	18,7	0,8	2,6	1	0,6	3,5	27,2
										0,6
SUM	585			57,1	2,2	7,5	3,4	1,6	10,8	83,2

Tabellen viser at Torpo skule neste år får ressursar til fem grupper. Etter gjeldande ressurstildelingsmodell vil det i praksis seie at skulen får ressursar tilsvarende fire deling.

Tredje kolonne viser lærartettleiken (tal elevar delt på årsverk). Torpo har best lærartettleik med 8,3. Nedre-Ål har 11,4 elevar per lærar som underviser. Det er viktig å understreke at desse tabellane viser grunnressursen. Stillingar som gir refusjon eller foreldreinntekt (SFO), kjem i tillegg.

## Personalressurs, prognose for skuleåret 2025/2026:

Skule	Elevtal	Grupper	El./lærar	Årsverk	Kontor	Leiing	El.ekstra	E.I.t HTV	Assistent	Ramme
Leveld skule	58	5	8,2	7,1	0,2	0,8	0,8	0,3	1,4	10,6
Nedre-Ål skule	187	12	10,3	18,1	0,8	2,1	0,8	0,2	3,2	25,2
Skattebøl skule	40	3	8,7	4,6	0,2	0,8	0,4	0,3	1,1	7,4
Torpo skule	46	4	7,5	6,1	0,2	0,8	0,4	0,2	1,2	8,9
Ål ungdom.	165	9	9,1	18,1	0,8	2,6	1	0,6	3,2	26,3
										0,6
SUM	496			54	2,2	7,1	3,4	1,6	10,1	79

Tabellen viser ei prognose for ressurstildeling skuleåret 2025/26 med dagens ressurstildeling som utgangspunkt, og med 8-10 % fleire elevar enn kjente elevtal i 2023/24. Når elevtalet minkar går også

talet på tilsette ned. Med ein desentralisert struktur er det ei smertegrense for kor mange lærarar skulen må ha for å ivareta klassar, grupper, enkeltelevar med særlege behov og kompetansekrav.

Med færre elevar på kvart trinn spreidd på fleire skular, kan det bli stor variasjon i gruppestørleiken.

Det blir også aktuelt å redusere rektorstillinga frå 100 til 80 %. Rektor har eit breitt arbeidsfelt frå drift til utvikling og har ansvar for å følgje opp personal, hjelpeinstansar, elevar og foreldre. Difor er det ynskjeleg med rektor i 100 % stilling.

### **Skuleskyss**

Skuleåret 2017/2018 har 251 elevar fri skyss til skulen. Dette er 42 % av elevane. 30 elevar har skyss pga. farleg skuleveg, vinterskyss eller skulebytte. Til saman kostar denne skyssen kommunen kr. 600 000. Sjå fleire tal i pkt. 4.3.

### **SFO**

Påmelding SFO for skuleåret 2018/2019 viser denne fordelinga.

Leveld	20
Nedre-Ål	27
Skattebøl	33
Torpo	12

Med færre elevar blir også SFO-behovet mindre. Så lenge SFO-tilbodet er tufta på foreldrebetaling blir det vanskeleg å oppretthalde eit breitt tilbod ved alle skulane. Det er sett ei grense på fem barn for å kunne tilby SFO. Dette skaper vanskar for foreldre som treng full SFO-tid. Ofte blir det for få barn til å halde oppe full tid. Samarbeid med barnehagen har vore ei løysing ved t.d. Leveld skule.

### **Uteområdet**

Leikeplassen ved barneskulane har dette arealet(per elev med dagens elevtal):

Leveld	5 100 m <sup>2</sup>	51 m <sup>2</sup> per barn/elev (sambruk med barnehagen).
Nedre-Ål	5 460 m <sup>2</sup>	25 m <sup>2</sup> per elev. Med skuleparken blir det 110 m <sup>2</sup> per elev.
Skattebøl	12 450 m <sup>2</sup>	244 m <sup>2</sup> per elev.
Torpo	7 950 m <sup>2</sup>	126 m <sup>2</sup> per elev.

I tillegg har alle skulane kort veg til ulike område i skog, park, idrettsanlegg og museum.

Nedre-Ål har minst uteareal viss ein berre reknar den inngjerda skuleplassen. Skattebøl har det største uteområdet. Mange leikeplassar stiller krav til jamt vedlikehald. Leikeapparat har strenge rutinar for tilsyn. Kvart år må det til utbetring på leikeapparat og med jamne mellomrom må apparatet skiftast ut. Leikeplassen ved skulen (og barnehagen) er også å sjå som eit nærmiljøanlegg. Mange foreldre legg ned mykje dugnad i anlegget, og enkelte apparat gir tippemiddeltilskot, som t. d. ballbingane i Leveld og på Torpo.

### **Bygg og anlegg**

Ein desentralisert struktur betyr fleire bygg å drifta og vedlikehalde. Kommunen set av mindre til vedlikehald enn det som er ein nasjonal standard (Holtenøkkelen). Kommunen bør enten prioritere meir til vedlikehald, eller kvitte seg med noko av bygningsmassen.

Med referanse i 2016 og 2017-tal, kostar det 2,9 millionar å drifta skulane i Ål (vask og energi). Kommunen bør setje av 2,3 millionar årleg til vedlikehald. Sjå pkt. 4.6.5.

Fleire skular treng ei større oppussing(rehabilitering):

Leveld	2,4 mill (inkluderte basseng)
Nedre-Ål	4,3 mill
Skattebøl	3,0 mill (+ ventilasjon i løpet av dei neste 10 åra, kostnadsrekna til 0,7 mill.)
SUM	9,4 mill

Skulebygg (og barnehage) har i ein desentralisert struktur funksjon som samlingsstad og offentleg møteplass. Kommunen har mellom anna symjebasseng både ved Nedre-Ål, Torpo og i Leveld.

### 7.1.2. Legge ned Skattebøl skule og flytte elevane til Nedre-Ål (alternativ 2)

Kommunen vil framleis halde på ein desentralisert struktur med barneskule i Nordbygdene og på Torpo, men elevane i sentrum blir samla på ein barneskule. Om dette skal vere ei varig løysing, bør ein også definere meir faste kretsgrenser mellom Nordbygdene, Torpo og sentrum. Det er mogeleg å gjennomføre denne endringa frå skuleåret 2019/2020.

#### Elevtalsutvikling

ALTERNATIV 2 - 2019/20	1	2	3	4	5	6	7	SUM	
Leveld skule	39	4	11	12	7	9	11	12	66
Sentrums skule		28	27	38	38	39	35	49	254
Torpo skule		7	8	8	4	11	7	12	57
SUM		39	46	58	49	59	53	73	377

Ved å slå saman Skattebøl og Nedre-Ål frå hausten 2019 blir det i all hovudsak mellom 14 og 20 elevar i kvar gruppe på trinnet. Unntaket er 7. trinn som vil få 24 og 25 elevar i kvar gruppe. Året etter, hausten 2020, vil elevtalet i ein felles sentrumsskule bli rundt 240 elevar.

Med kjente tal blir elevtalet med ein sentrumsskule fordelt slik skuleåret 2023/24:

ALTERNATIV 2 - 2023/24	1	2	3	4	5	6	7	SUM	
Leveld skule	41	7	6	6	7	4	11	12	53
Ein sentrumsskule		29	22	28	34	28	27	38	206
Torpo skule		5	4	5	5	7	8	8	42
SUM		41	32	39	46	39	46	58	301

Dersom elevtalet i 1. trinn blir 8-10 % større enn det fødselstalet var for same årgang fram til 2025/26, blir det 331 elevar på barnetrinnet. Om lag 227 av desse vil gå på sentrumsskulen. Til sammenlikning hadde Nedre-Ål skule 223 elevar skuleåret 2016/17.

PROG., ALT. 2, 2025/26	1	2	3	4	5	6	7	SUM	
Leveld skule	45	9	8	8	8	8	9	8	58
Sentrums skule		30	30	31	31	37	31	37	227
Torpo skule		6	6	6	6	7	7	8	46
SUM		45	44	45	45	52	47	53	331

Fordelinga på dei ulike skulane er tilnærma ei prosentvis lik framskriving av kjent elevtal i 2023/24.

Etter prognosene gir dette to høvelege grupper på trinnet i ein sentrumsskule, med mellom 15 og 20 elevar i kvar gruppe. Elevane i sentrum vil gå saman frå første klasse.

#### Ressursbruk

Tabellen under prøver å vise kva som kan vere personalinnsparing ved å samle elevane i sentrum frå og med skuleåret 2019/20. Ved å «fryse» ressurstala for dei skulane som ikkje blir omfatta av endringa, kan ei stipulere ei innsparing på om lag tre stillingar, eller omgjort i kroner, ca. 2 millionar.

#### Personalressurs skuleåret 2019/2020

Skule	Elevtal	Grupper	El./lærar	Årsverk	Kontor	Leiing	El.ekstra	E.l.t HTV	Assistent	Ramme
Leveld skule	66	6	7,8	8,2	0,2	1	0,8	0,3	1,8	12,3
Sentrums skule	254	14	11,4	22,2	0,8	2,1	1,2	0,5	3,3	30,1
Torpo skule	57	5	8,3	6,9	0,2	1	0,4	0,2	1,2	9,9
Ål ungdom.	184	9	10,3	18,7	0,8	2,6	1	0,6	3,5	27,2
										0,6
SUM	561			56	2	6,7	3,4	1,6	9,8	80,1

Neste tabell viser ei prognose for ressurstildeling skuleåret 2025/26 med dagens ressurstildeling som utgangspunkt og med 8-10 % fleire elevar enn kjente elevtal i 2023/24.

#### Personalressurs, prognose skuleåret 2025/26.

Skule	Elevtal	Grupper	El./lærar	Årsverk	Kontor	Leiing	El.ekstra	E.I.t HTV	Assistent	Ramme
Leveld skule	58	5	8,2	7,1	0,2	0,8	0,8	0,3	1,4	10,6
Sentrum skule	227	14	10,5	21,6	0,8	2,1	1,2	0,5	3,4	29,6
Torpo skule	46	4	7,5	6,1	0,2	0,8	0,4	0,2	1,2	8,9
Ål ungdom.	165	9	9,1	18,1	0,8	2,6	1	0,6	3,2	26,3
										0,6
SUM	496			52,9	2	6,3	3,4	1,6	9,2	76

I ein felles sentrumsskule vil ein kunne samordne og nytte ressursane betre. Det vil også bli enklare å sjå heilskapen mellom barnetrinnet og mellomtrinnet.

#### Skuleskyss

Om elevane på Skattebøl hadde gått på Nedre-Ål skuleåret 2017/2018 ville 253 elevar fått fri skyss til skulen. Dette er 42 % av elevane. 25 elevar ville hatt skyss pga. farleg skuleveg, vinterskyss eller skulebyte. Til saman ville denne ekstraskyssen kosta kommunen kr. 414 000. Sjå fleire tal i pkt. 4.3.

#### SFO

Viss elevane på Skattebøl skulle gå på Nedre-Ål skuleåret 2018/2019 ville fordelinga sett slik ut:

Leveld	20
Sentrum	60
Torpo	12

Dette er om lag like mange SFO-elevar som det var på Nedre-Ål i 2012-2014. Den gongen var det trøngt på SFO og det var behov for å bruke areal i skulen. Sjå punkt om Bygg og anlegg under.

#### Uteområde

Om elevane på Skattebøl blir flytta til Nedre-Ål i 2019 blir leikearealet per elev:

Sentrum skule    5 460 m<sup>2</sup>       21 m<sup>2</sup> per elev. Med Skuleparken blir det 85 m<sup>2</sup> per elev.

Arealet som har vore rekna som leikeplassen til Nedre-Ål skule, vil bli ein god del mindre enn det som blir anbefalt (sjå punkt 4.4.). Dei siste åra er Skuleparken teke i bruk som leikeplass og aktivitetsområde. Det kan eventuelt også vere aktuelt å ha friminutt til ulike tider. Slik får elevane meir plass å leike på i friminutta.

I tillegg bør det investerast i løysingar på den øvre skuleplassen som invitere til meir aktiv leik.

#### Bygg og anlegg

Kva må eventuelt gjerast for å gi plass til elevane frå Skattebøl i ein felles sentrumsskule i lokal til Nedre-Ål skule? I utgangspunktet er det plass til elevane frå Skattebøl med dagens areal frå 2019. Til saman er det 826 m<sup>2</sup> med klasserom delt på 254 elevar blir 3,25 m<sup>2</sup> per elev. Berre 7. trinn vil få grupper på over 20 elevar.

Det er behov for 14 klasserom. I dag er det 14 klasserom, medrekna eit mindre klasserom som tidlegare berre var SFO-lokale. Dersom det kjem fleire elevar må det gjerast ein del endringa. Det er særleg tre utfordringar som må løysast: Betre plass for SFO, betre arbeidstilhøve for dei tilsette og «gangflyt» og garderobetilhøve. Det er utarbeidd ei skisse som vil løyse desse utfordringane. Skissa er kostnadsrekna til om lag 3 mill. Med denne tilrettelegginga innanfor veggane til Nedre-Ål skule, vil det gi plass til 254 elevar og det vil vere plass til minst 60 elevar i SFO.

Det kostar om lag kr 250 000 i året å drifta Skattebøl skule (vask og energi). I tillegg kjem årleg vedlikehald kr 150 000 (Holtenøkkelen). Viss ikkje Skattebøl skal vere skule, vil kommunen spare 3,7 millionar til oppussing og ventilasjon.

Skattebøl skule ligg fint til i eit bustadområde, og det er kanskje den skuletomta i kommunen som er mest omsetteleg til bustadar. Det bør eventuelt vurderst om gymsalen framleis skal vere kommunal.

### **7.1.3. Bygge ny barneskule for 1.-7. trinn, eventuelt bygge om Nedre-ÅL skule (alt. 3)**

Med dette alternativet blir alle elevane på barnetrinnet samla i ein barneskule. Det ligg nokre år fram i tid å eventuelt realisere dette alternativet. Det er to val. Kommunen kan bygge om og ut Nedre-ÅL skule til å bli eit oppdatert læringsmiljø, eller det blir prosjektert eit nytt bygg på ny tomt. Det er lett å tenke at ei ombygging av Nedre-ÅL skule er det rimelegaste og mest realistiske.

Før ein tek endeleg stilling til om alle barneskuleelevene i ÅL skal vere saman på ein skule, må det til ei grundig vurdering av kva som er kravet til eit skulebygg i framtida. Det fysiske læringsmiljøet skal gi gode rammer for, og bidra til god læring. På sidene til Udir har Espen Storstrand, Norconsult avd. skoleplanlegging, ein artikkel. Her er teke med nokre korte utdrag:

«*Når nye skolebygg planlegges i våre dager blir det gjerne snakket om å legge til rette for «fremtidens skole», og begrep som fleksibilitet, sambruk og åpenhet går ofte igjen i beskrivelsene. Klasserommene er ikke på vei ut av skolebyggene, men de organiseres nå ofte annerledes enn i den tradisjonelle klasseromsskolen som hadde rekken av klasserom på hver side av lange korridorer. I dag er klasserommene, eller baserommene som de også kalles, ofte knyttet til hjemmeområdet for et helt trinn. Hjemmeområdene skal dekke langt flere funksjoner enn det tradisjonelle klasserom kan dekke. Alle elevene har tilhørighet til en klasse eller basisgruppe, og de har sin faste arbeidsplass i hjemmeområdet.*

*Arealet i hjemmeområdet er imidlertid delt inn i ulike rom som dekker ulike funksjoner. Et større rom kan gi mulighet for å samle flere elever til felles undervisning. Her kan det gjennomføres felles gjennomgang av lærestoff, informasjonsmøter, diskusjon og samtaler. Storrommet kan i tillegg fungere som klasserom for en av klassene/gruppene på trinnet. I hjemmeområdet er det også vanlig å finne mer tradisjonelle klasserom. Her kan det foregå mange ulike aktiviteter, men i hovedsak foregår der en felles aktivitet om gangen. Gruppearbeid, elevsamtaler og lignende foregår gjerne i ulike grupperom med plass til fire til ti elever. Andre rom og funksjoner som gjerne knyttes til hjemmeområdene er f.eks. «læringstrapp» eller «mini-auditorium», kjøkkenkrok, grovverksted og ikt-krok. Det legges i dag stor vekt på flerfunksjonalitet og gode kombinasjonsløsninger i forhold til spesialrom. Det er for eksempel ikke uvanlig at verkstsedsrom tilpasset flere fagområdet etableres i stedet for egne spesialrom for hvert enkelt fag.*

*Sambruk er et annet sentralt begrep som knyttes til dagens skolebygg. I hjemmeområdene legges det til rette for stor grad av sambruk og samarbeid mellom elever, klasser/basisgrupper og lærere. Det er ikke lenge siden det ble planlagt og etablert både kjøkkenkroker, datastasjoner, lekekroker på småtrinnet og samlingskroker i de fleste klasserom. Ved flere skoler erfarte man imidlertid at mange av de nye funksjonene ble lite brukt og at de stjal plass fra primæraktivitetene som skulle foregå i klasserommene. I dag ser vi mer en tendens til at man sikrer tilgang til utstyr og funksjoner gjennom sambruk i hjemmeområdene.*

*Bruk av digitale verktøy og installasjoner gjør seg stadig mer gjeldende i skolen og i samfunnet ellers. Endringene innenfor den digitale verden skjer fort, og en løsning som på et gitt tidspunkt kan synes fremtidsrettet, viser seg fort å være gammeldags og lite hensiktsmessig. Det er f.eks. ikke mange år siden etablering av datarom med fast kabling til minst et klassesett med stasjonære pc-er var sett på som både fremtidsrettet og veien gå for de fleste skoler. I dag er det få eller ingen skoler som planlegges med datarom og løsninger basert på stasjonære pc-er.*

*I utformingen av dagens skoleanlegg blir det i stor grad vektlagt at de fysiske omgivelsene skal spille på lag med gjeldende pedagogiske føringer. Samtidig er det et kjennetegn for vår tid at nye behov og endringer kommer fort i både skolen og samfunnet ellers. I byrådssak for behandling av skolebruksplan 2011-2024 i Bergen kommune heter det bl.a. om skoleanleggene: «Skoleanlegget skal og være fleksibelt i den forstand at ulike*

*arbeidsformer, nye reformer i skolen, endrede elevtall og nye former for sambruk ikke medfører behov for omfattende bygningsmessige endringer». (Byrådssak /10, 5. oktober 2010, Bergen kommune)  
For å oppnå et slikt mål må man tilstrebe fleksible løsninger, muligheter for bygningsmessige tilpasninger og elastisitet som sentrale egenskaper ved nye skolebygg.»*

Det er ikkje realistisk å realisere ein felles barneskule i Ål, om det blir ny eller ei ombygging av Nede-Ål skule, før i 2025.

### Elevtalsutvikling

Med kjente tal er dette elevtalet i ein felles barneskule i 2023/24:

ALTERNATIV 3 - 2023/24	1	2	3	4	5	6	7	SUM
Ein barneskule	41	32	39	46	39	46	58	301

Med 8-10 % vekst per 1. trinn fram til 2025/26 blir det 331 elevar på barnetrinnet:

PROG., ALT. 3, 2025/26	1	2	3	4	5	6	7	SUM
Ein barneskule	45	44	45	45	52	47	53	331

Ein felles barneskule vil etter prognosene gi to til tre høvelege grupper på trinnet.

Nasjonal prognose elevtal 2040, middels vekst:

PROG., ALT. 3, 2040/41	1	2	3	4	5	6	7	SUM
Ein barneskule	49	51	51	51	53	53	53	361

Ei framskriving til 2040 indikerer at ei eventuell ny felles barneskule må planleggast med tre parallellear eller med høve til å dele i tre grupper per trinn. Då kan elevtalet vekse til over 60 elevar på trinnet, til saman 420 elevar på barnetrinnet.

### Ressursbruk

Tabellen under stipulerer personalressurs i 2023/24 med alle elevane samla på ein barneskule i Ål og med eit elevtal som byggjer på kjente barnetal.

Personalressurs, prognose skuleåret 2023/24.

Skule	Elevtal	Grupper	El./lærar	Årsverk	Kontor	Leiing	El.ekstra	E.I.t HTV	Assistent	Ramme
Ål barneskule	301	15	9,3	32,4	1	2,8	2,4	1	5,2	44,8
Ål ungdom.	161	9	9,1	17,6	1	2,8	1	0,6	3,5	26,5
SUM	462			50	2	5,6	3,4	1,6	8,7	71,9

Neste tabell viser ei prognose for ressurstildeling skuleåret 2025/26 med dagens ressurstildeling som utgangspunkt og med 8-10 % fleire elevar enn kjente elevtal i 2023/24.

Personalressurs, prognose skuleåret 2025/26:

Skule	Elevtal	Grupper	El./lærar	Årsverk	Kontor	Leiing	El.ekstra	E.I.t HTV	Assistent	Ramme
Ein barneskule	331	15	11	32,9	1	2,8	2,4	1	5,2	45,3
Ål ungdom.	165	9	9,1	18,1	1	2,8	1	0,6	3,5	27
SUM	496			51	2	5,6	3,4	1,6	8,7	72,9

Med kjente tal og prognosar, blir personalinnsparinga med ein barneskule stipulert til om lag seks stillingar i 2025/26, samanlikna med alternativ 1, struktur som i dag, der personalbehovet er stipulert til 79 stillingar i 2025/26. I sum vil denne stillingsreduksjonen gi ei innsparing på om lag 4 millionar. For dei fleste elevane blir lærartettleiken i denne prognosene betre enn i alternativ 1.

Ein felles barneskule med to til tre parallellear per trinn gir større pedagogisk kapasitet. Sosialt og

fagleg blir det større elevmiljø på kvart årstrinn. Med elevane samla kan lærartimane nyttast meir fleksibelt og fagkompetansen til den enkelte blir nytta betre. Kommunal statistikk viser at i Ål underviser fleire lærarar enn gjennomsnittet i fag dei ikkje har godkjent kompetanse for å undervise i. Med fleire mindre skular vil kommunen merke denne utfordringa endå meir med dei nye kompetansekrava som blir gjort gjeldande frå 2025.

Med ein skule blir leiarressursen samla på ein skule. Den største barneskulen har i dag 2,1 stilling til leiing. I alternativet med ein barneskule er det rekna 2,8 stilling til leiing på denne skulen.

Med ein skule kan hjelpeapparatet kome tettare på skulen. PPT kan utvide primærkontakttrolla som er tenkt til systemarbeid og veiledning, og skulehelsetenesta kan samordne innsatsen til meir førebyggjande arbeid.

Det bør vere eit mål for kommunen å halde på god lærartettleik. Dette er eit av viktige tiltak for å kunne gi god tilpassa opplæring. Men i ein felles barneskule vil det i vere rom for å kunne redusere på tal tilsette. Modellen under viser tal tilsette viss lærartettleiken går opp frå 10,1 til 11 for barnetrinnet. Inneverande skuleår er lærartettleiken på den største barneskulen 11,4 og 10,3 for ungdomstrinnet.

#### Redusert personalressurs, prognose skuleåret 2025/26

Skule	Elevtal	Grupper	El./lærar	Årsverk	Kontor	Leiing	El.ekstra	E.I.t HTV	Assistent	Ramme
Ein barneskule	331	15	11,1	30	1	2,8	2,4	1	5,2	42,4
Ål ungdom.	165	9	10,3	16	1	2,8	1	0,6	3,5	24,9
SUM	496			46	2	5,6	3,4	1,6	8,7	67,9

I denne prognosene er personalressursen redusert med fem stillingar. Dette gir ei innsparing på om lag 3 millionar. I pkt. 7.1.5. er dette rekna som alternativ 3B.

#### Skuleskyss

Dersom det hadde vore ein barneskule i Ål skuleåret 2017/2018 ville det vore 318 elevar med rett til fri skyss til skulen. Dette ville vore 53 % av elevane. 9 elevar ville hatt skyss pga. farleg skuleveg eller vinterskyss. Til saman ville denne ekstraskyssen kosta kommunen kr. 75 000. Sjå fleire tal i pkt. 4.3.

I periodar kan reisevegen for enkelte elevar i 1.-4. trinn bli meir enn 45. minutt ( sjå punkt 2.5.) Andre kommunar har sett opp ekstra direkte skyss for elevar med ekstra lang reisetid.

#### SFO

SFO vil eventuelt bli prosjektert som ein integrert del av ein ny eller ombygd barneskule i Ål. Ein felles SFO vil gi enklare drift og sikre god opningstid for alle elevane. Det vil også bli enklare med fleire ulike aktivitetar, men det vil bli meir krevjande for foreldre som ikkje har arbeidet sitt i eller nær sentrum.


#### Uteområde

Med dagens infrastruktur og arealbruk, er det mest realistisk å plassere ein ny felles barneskule for Ål der Nedre-Ål skule ligg. Skal alle barneskuleelevene i kommunen gå på ein ny sentrumsskule, blir det viktig å sikre areal i området til formålet. Fylkesvegen er ei utfordring. Ei løysing kan vere å plassere eit tilbygg over fylkesvegen. Med skuleparken vil uteområdet til skulen, med stipulert elevtal i 2025, vere 65 m<sup>2</sup> per elev.

#### Bygg og anlegg

Skal kommunen satse på ein fysisk barneskule er det to alternativ. Finne ei ny tomt og bygge alt nytt, eller bygge om Nedre-Ål skule. Geografisk ligg skulen bra plassert med rimeleg bra uteområde

medrekna skuleparken. Kartet under viser at dagens skuletomt er sentralt plassert med tanke på dei nærmeste bustadområda.



Eit nytt skulebygg krev eit grundig arbeid, med behovsanalyser, utforming, samspelfase og bygging. Det er vanskeleg å ta faste ein byggekostnad, men ei fullrenovering som også inneholder nytt areal vil kunne koste 150 millionar. Om heile denne summen er låneopptak, må kommunen, med dagens krone og med 2,75 % rente, ta høgde for om lag 9 millionar i kapitalkostnader det første året. I snitt vil årleg kapitalkostnad vere 7 millionar kroner med 30 år nedbetalingstid.

Med referanse i 2017-tal, og med full driftsstopp i dei andre skulebyggene i kommunen, blir driftskostnaden til skule redusert med 1,5-2 millionar. Etter Holtenøkkelen vil kommunen spare om lag 1,6 mill. i årleg vedlikehald.

Skattebøl skule ligg fint til i eit bustadområde, og det er kanskje den skuletomta i kommunen som er mest omsetteleg til bustadar. Det bør eventuelt vurderast om gymsalen framleis skal vere kommunal.

Skulane har i ein desentralisert struktur funksjon som samlingsstad og offentleg møteplass. Kommunen har mellom anna symjebasseng både ved Nedre-Ål, Torpo og i Leveld. Det er vanskeleg å sjå kva funksjon desse byggene skal ha i framtida dersom kommunen legg ned drifta.

#### 7.1.4. Oppvekstsenter i grenene.

Eit alternativ som bør vurderast meir grundig viss ein ikkje vel å bygge ny barneskule for alle elevane i nær framtid. Sjå punkt 6.1.4 og 6.2.4.

### 7.1.5. Oppsummering ulike alternativ.

Den første tabellen samanliknar to alternativ med verknad frå skuleåret 2019/20:

1. Same struktur som i dag ingen endring (alternativ 1)
2. Legge ned Skattebøl skule og flytte elevane til Nedre-Ål (alternativ 2)

Årleg kostnad, med og utan endring frå og med skuleåret 2019/20:

	Alle tal i 1000	Personal	Skyss	Reinhold Energi	Vedlikehald Holtenøkkel	SUM
Alt. 1	Ingen endring	54 365	2 134	2 900	2 300	61 699
Alt. 2	Legge ned Skattebøl	52 400	2 009	2 700	2 200	59 309
	Årleg innsparing					2 390

I alt. 1 er det rekna 83,1 stillingar og i alt. 2 er det rekna 80,1 stillingar. Alle tal er rekna i 2018-kroner.

Ved å legge ned Skattebøl skule i 2019 vil årleg innsparing vere om lag 2,4 mill.

Behov for rehabilitering/investering ulike alternativ:

	Alternativ	Kostnad i 1000	Årleg finanskostnad, rente 2,75 %, 30 år
Alt 1	Ingen endring	10 700	500
Alt 2	Legge ned Skattebøl	10 000	500
Alt 3	Ein barneskule	150 000	7 000

I alternativ 2 er det stipulert å bruke 3 mill. til å bygge om Nedre-Ål skule for å kunne ta i mot elevane frå Skattebøl. Kostnaden med ein ny eller ombygd barneskule for alle elevane i kommunen er stipulert til 150 mill. To referansar: Nord-Aurdal bygde om ein vidaregåande skule til barneskule for heile kommunen i 2012 der prislappen var om lag 70 mill. Hemsedal planlegg ny barneskule i kombinasjon ombygging/nybygg som er kostnadsrekna til om lag 150 mill.

Neste tabell samanliknar to alternativ med verknad frå skuleåret 2025/26:

1. Same struktur som i dag ingen endring (alternativ 1)
2. Legge ned Skattebøl skule og flytte elevane til Nedre-Ål (alternativ 2)
3. Samle alle elevane på barnetrinnet i ein skule (alternativ 3)
4. Alternativ 3 med færre tilsette.

Årleg kostnad ulike alternativ frå og med skuleåret 2025/26 med ein elevtalsauke på 8-10 %:

	Alle tal i 1000	Personal	Skyss	Reinhold Energi	Vedlikehald Holtenøkkel	Finans-kostnad	SUM
Alt. 1	Ingen endring	51 745	2 134	2 900	2 300	500	59 579
Alt. 2	Legge ned Skattebøl	49 780	2 009	2 700	2 200	500	57 189
Alt. 3	Ein barneskule	47 750	2 236	1 700	1 300	7 000	59 986
Alt. 3B	Ein barneskule	44 475	2 236	1 700	1 300	7 000	56 711

I alt. 1 er det rekna 79 stillingar, i alt. 2 76 stillingar, i alt. 3 72,9 stillingar og i alt 3B er det rekna 67,9 stillingar. Alle tal er rekna i 2018-kroner.

Kommunen vil kunne spare om lag 2,6 millionar i året ved å legge ned Skattebøl skule. Å rehabiliterere/bygge om Nedre-Ål skule vil, med betre lærartettleik for dei fleste elevane enn i dag, koste om lag det same som å vidarefør dagens struktur. Med alle elevane samla i ein skule vil det vere rom for å redusere tal tilsette, og likevel halde på ein rimeleg god lærartettleik i nasjonal målestokk. Alternativ 3B skisserer ei innsparing på nær 3 millionar samanlikna med dagens struktur skuleåret 2025/26.

Samanlikna med ressursbruken skuleåret 2017/18 (sjå tabell i punkt 4.7.2), vil den samla innsparinga i 2025/26 vere om lag 7 millionar med alternativ 3B.

## **7.2. Pedagogiske og samfunnsmessige konsekvensar**

Dette høyringsdokumentet inviterer fagfolka i sektoren, foreldre barn og ungdom til å kome med innspel. Dei ulike alternativa vil ha pedagogiske og samfunnsmessige argument som talar både for og mot. Etter høyringa vil arbeidsgruppa vekte innspela og gjere faglege vurderingar før rådmannen vil kome med ei tilråding. I desse drøftingane er det viktig å hugse på artikkel 3 i barnekonvensjon som understrekar at barnets beste skal ligge til grunn i saker som omhandlar barn.

### **7.2.1. Same struktur som i dag – ingen endring**

#### **Pedagogiske og organisatoriske fordelar:**

- «Alle kjenner alle», gjeld både elevar og foreldre.
- Små og oversiktlege miljø – enklare å vere tett på elevane.
- ...

#### **Pedagogiske og organisatoriske ulemper:**

- Nedgang i elevtal gir skiftande elevgrupper, kan bli ustabilt for elevar og for personalet.
- Vanskeleg å oppfylle kompetansekravet frå 2025.
- ...

#### **Samfunnsmessige og økonomiske fordelar:**

- Mindre bygder kan gjere at det blir attraktivt å flytte til kommunen.
- Utnyttar bygningsmassen som er i dag.
- ...

#### **Samfunnsmessige og økonomiske ulemper:**

- Dyr drift, mange skulebygg som skal driftast.
- For få i SFO til å gi eit fullgoda tilbod til familiar som treng det.
- ...

## **7.7.2. Legge ned Skattebøl skule og flytte elevane til Nedre-Ål**

#### **Pedagogiske og organisatoriske fordelar:**

- To mindre fagmiljø på småskuletrinnet blir større.
- Kan styrke støttefunksjonar, t.d. sosiallærar.
- ...

#### **Pedagogiske og organisatoriske ulemper:**

- Mistar eit flott uteområde på Skattebøl.
- Nedre-Ål har plass, men det er fysiske utfordringar med ein «kronglete» bygningsmasse.
- ...

#### **Samfunnsmessige og økonomiske fordelar:**

- Utnyttar kommunale ressursar på ein betre måte.
- Liten ombyggingskostnad.
- ...

#### **Samfunnsmessige og økonomiske ulemper:**

- Tomt bygg, etterbruk.
- Kretsen Skattebøl mistar nærskulen.
- ...

### **7.7.3. Samle elevane på barnetrinnet i ein ny barneskule**

#### **Pedagogiske og organisatoriske fordelar:**

- Nytt bygg vil vere utforma i tråd med gjeldande pedagogiske prinsipp.
- Større sosialt miljø og meir ressursrikt læringsmiljø.
- ...

#### **Pedagogiske og organisatoriske ulemper:**

- Stort elevmiljø kan gje fleire utfordringar for enkelte elevar.
- Fleire elevar får lang reiseveg.
- ...

#### **Samfunnsmessige og økonomiske fordelar:**

- Betre utnytting av ressursar, materiell og personale, inkludert kompetansekrav frå 2025.
- Meir berekraftig over tid.
- ...

#### **Samfunnsmessige og økonomiske ulemper:**

- Utarming av grøndene. Fråflytting?
- Vanskeleg med god etterbruk av bygg.
- ...

Desse punktlistene i kap. 7.2. er ikkje utfyllande. Høyringsinstansane blir utfordra til å vurdere fordelar og ulemper ved ALLE dei ulike alternativa i høyringssvaret. Svarskjema er å finne på heimesida til Ål kommune.

## **8. Avrunding**

Barnekonvensjonen, artikkel 3, krev at i saker som omhandlar barn, skal sakshandsaminga ta omsyn til barns beste. Kva vil i framtida vere best for barna? Det er lite forsking som kan fastslå at elevar ved større skular har det betre eller verre enn elevar ved mindre skular. Det kan vere store skilnader mellom skular, men det treng ikkje vere storleiken som avgjer om skulen er meir eller mindre god.

Kva vil ei strukturendring gje av fordelar og ulemper for elevane. Kva blir konsekvensen for det pedagogiske læringsmiljøet og for læringsutbyttet. Utdanningsdirektoratet definerer læringsmiljø som «*de samlede kulturelle, relasjonelle og fysiske forholdene på skolen som har betydning for elevens læring, helse og trivsel*». Same formulering kan også nyttast om læringsmiljøet i ein barnehage.

For rådmannen blir det viktig å ikkje sjå den enkelte barnehage og skule kvar for seg, men å vurdere kva som er best for alle barn i kommunen.

Barnehagar, skular, elevar og foreldre, og andre som ynskjer å gje uttale, blir med dette inviterte til å kome med innspel til dei ulike alternativa med utgangspunkt i barns beste.

Høyringsinstansane får eit eige høyringsbrev med ein svarmål som tek utgangspunkt i kapittel 6.2. og 7.2., pedagogiske og samfunnsmessige fordelar og ulemper med ulike alternativ.

Enkeltpersonar kan sende brev/epost til [oppvekstkontoret@aal.kommune.no](mailto:oppvekstkontoret@aal.kommune.no) eller svare via linken easyquest som mellom anna ligg på heimesida til Ål kommune.